

## Samandrag av *Kapitalen*, bind 2.


Eg har mora meg med å lage eit samandrag av andre bind av Kapitalen som er tenkt som ein smakebit før heile boka no kjem i norsk omsetting. Her er ein raskare inngong til sentrale tema i boka. Dette er og ein del av mitt prosjekt for ein marxistisk renessanse. For å endre verda til det betre må vi forstå ho, og Marx gir dei avgjerande bidraga til grunnlaget for ei slik forståing. Ingen andre har gjort det på ein slik måte. Derfor må du studere Kapitalen om du vil forbetra evna di til å delta i dette endringsarbeidet.

Terje Valen, torsdag 5. oktober 2017.

### Kapitalen bind 2 – Først avsnitt – kapitalens metamorfosar (formendringar) og kapitalens sirkulasjonsprosess, kapittel 1. kretslaupet til pengekapitalen

Først ein liten kommentar frå underteikna til omgrepene *metamorfose*. Av dei fleire tydingane som ordet kan ha vil eg framheve den mytiske, der det er snakk om eit menneske si forvandling til ein naturting (til dømes eit tre eller ei kjelde). Vi kan vere sikker på at Marx hadde lese Ovids verk *Metamorfosar*, som handlar om slike saker. Dette fører lett over til tanken om mennesket som ved arbeidskrafta si, legg ho inn i ting som ho forvandler til nye ting som har bruksverdi for ho. Menneskeleg verksemder har verka på naturen rundt og gått inn i denne og omforma han – dette har Marx og kalla tingleggjering.

Kapitalismen er framandgjord tingleggjering der det skapande mennesket si skaparkraft blir tatt frå det og vi får ein ukontrollerbar prosess av *eksponentiell* vekst, med sterke motsetningar som gjer at han fell saman i kriser. Eg gir her eit eksempel:



Her har vi lineær vekst i raudt, kubisk vekst i blått og eksponentiell vekst i grønt.

Andre bind av Kapitalen er altså skrive av Engels ut frå Marx sine manuskript. Engels skriv i føreordet om kva manuskript han har bruk til dei forskjellige kapitla. I den nye studieutgåva frå Lambert Schneider har dei ut frå dette laga ei grei oversikt på side XXXIX.

Bindet omhandlar sirkulasjonsprosessen i fleire omgangar, der mykje blir tatt opp att. Eg går derfor, for ikkje at dette skal bli alt for langt, raskt gjennom dei første kapitla, hoppar over nokre kapittel og blir meir detaljert ettersom vi kjem utover i verket. Vi går glipp av nokre poeng då, men omfanget av teksten blir meir rimeleg.

## Første avsnitt – kapitalens metamorfosar og kretsløp

### Første kapittel – pengekapitalens kretsløp

Så til teksten. Marx seier at når produksjonsprosessen er ferdig og varene er produsert må dei bli transportert til kjøparane og seljast. Dei må inn i eit kretslaup. Marx skil ut tre former for kretslaup eller stadium i kretslaupet, som til saman utgjer det samla kretslaupet. Det er kretslaupet til pengekapitalen, til den produktive kapitalen og varekapitalen. Felles for dei alle er at verdiauken er det avgjerande målet. Kretslaupet til den produktive kapitalen blei omhandla i bind 1. No er det dags å sjå på dei forskjellige formene som kapitalen kler seg i gjennom dei forskjellige stadia. Og så seier han at vi for å framstille formene slik dei står fram utan element som forstyrrar formdanninga og form-vekslinga, må abstrahere frå slike element. Derfor antar han at varene blir selv til sin verdi og at det skjer under like omstende. Og han ser vekk frå dei verdiendringane som kan finne stad under kretslaupsprosessen.

### Første kapittel I. - Første stadium. - G-W (pengar bytta mot varer)

Først tar han opp prosessen når pengar blir bytta mot varer. Så går han inn på den produktive, kapitalens funksjoner før han ser på salet av produkta. Til slutt tar han opp det totale kretsløpet.

Det første stadium er altså: G – W, en viss pengesum (G = Geld som er pengar på tysk) vert omsett i varer (W = Ware som er varer på tysk). Kjøparen forvandler pengar til ein vare og seljaren forvandler ein vare til pengar. Men under kapitalismen er det den spesielle bruksverdien av varen som blir kjøpt som er viktig. Når kapitalisten kjøper varer som kapitalist, så kjøper han anten produksjonsmiddel eller arbeidskraft. Og desse to delane høyrer til heilt forskjellige marknader, varemarknaden og arbeidsmarknaden. For at produksjonsmiddel og arbeidskraft skal fungere saman må dei vere i eit tilhøve til kvarandre som passar i høve produksjonen. For mykje og for lite produksjonsmiddel i høve arbeidskraft gjer at ein ikkje får utnytta desse godt.

Når kapitalisten har kjøpt sine varer, produksjonsmiddel og arbeidskraft, har han til sin bruk noko som ikkje berre er verd det han lagt ut, i tillegg får han ein meirverdi som blir skapt når arbeidskrafta blir brukt. Gjennom dette forvandler pengekapitalen til kapitalisten seg til ein produktiv kapital der verdi og meirverdi blir skapt og tidlegare skapt verdi som ligg i produksjonsmidla blir tatt vare på.

Frå arbeidaren si side er det slik at den produktive verksemda av arbeidskrafta først er mogleg frå den augneblinken då ho, som ein følgje av salet, blir sett i samband med produksjonsmidla. Før dette er ho skild frå produksjonsmidla, dei tinglege føresetnadene for verksemda og kan ikkje bli brukt til produksjon av bruksverdiar for dei som eig ho og heller ikkje til produksjon av varer som denne kan leve av å selje. Men når dei blir sett i samband med produksjonsmidla dannar dei ein del av den produktive kapitalen til den som har kjøpt dei, nett som produksjonsmidla gjer det.

Så kjem eit interessant avsnitt der Marx trekk trådane tilbake til dei økonomisk-filosofiske manuskripta frå 1844. Det er nok slik at kapitalisten og arbeidaren står ovanfor kvarandre berre som kjøpar og seljar, der kapitalisten har pengane og arbeidaren har varen (arbeidskrafta) som blir kjøpt og seld. Men likevel så trer pengeigaren fram som eigar av produksjonsmidla som er den tinglege føresetnaden for at den produktive bruken av arbeidskrafta til den som sel han, kan finne stad. Med andre ord, seier Marx, så trer desse produksjonsmidla fram for arbeidaren som framand eigedom. På den andre sida står seljaren av arbeidsevna si framfor kjøparen sin som framand arbeidskraft som må gå over og bli hans eigedom og bli knytt saman med kapitalen hans for at denne verkeleg skal bli verksam som produktiv kapital. Klasseforholdet mellom kapitalist og lønsarbeidar er der alt som ein føresetnad i den augneblinken då begge står ovanfor kvarandre i den aktivitet som det er når pengar blir bytta mot vare (arbeidskraft) eller arbeidskraft bytta mot pengar, sett frå arbeidaren si

side. Det som alt er gitt er altså at vilkåra for at arbeidaren skal få brukt arbeidskrafta si, dvs. både livnadsmiddel og produksjonsmiddel, er skild frå den som eig arbeidskrafta, som framand eigedom.

Sidan både livnadsmiddel og produksjonsmiddel er skapt av arbeidarane er dette deira framandgjorde produkt som er tatt frå dei, og det samsvarer nøyne med det første momentet i den definisjonen av framandgjeringa som Marx gir i dei økonomisk-filosofiske manuskripta. Dette viser at *Kapitalen* er ei vidareutvikling av analysen av framandgjeringa og at det påstårte skiljet mellom den yngre og den eldre Marx, som mange såkalla marxistar har hevd, er oppspinn. Heile Marx sitt livsverk handlar om korleis framandgjeringa utviklar seg og skapar vilkår for si eiga oppheving, dvs. vegen gjennom kapitalismen til kommunismen.

I tråd med dette skriv han vidare om at sjølv om ein viss grad av varehandel og menneske som ikkje sjølv disponerer livsmiddel og produksjonsmiddel er føresetnader for at kapitalismen kan oppstå, så er det først under utviklinga av kapitalismen at vareproduksjon blir dominerande og at arbeidarklassen utviklar seg til ein fleirtalsklasse.

Marx skriv også at vi finn to feile oppfatningar av pengekapitalen. For det første blir dei funksjonane som kapitalverdien utfører som pengekapital feilaktig avleia av kapitalkarakteren hans, mens dei berre skuldast kapitalverdien sin pengetilstand, at dei trer fram i pengeform. Og for det andre, og omvendt, det særeigne innhaldet i pengefunktjonen, som også gjer den til ein kapitalfunksjon blir utleia av pengane sin natur (og då blir pengar forveksla med kapital), mens denne føreset samfunnsmessige vilkår som ikkje på nokon måte er gitt her når pengar blir omsett i arbeidskraft, altså i den reine vare- og motståande pengesirkulasjonen. Desse vilkåra er den historisk utvikla fjerninga av livsmiddel og produksjonsmiddel frå produsentane av desse, slik at produksjonsmiddel og arbeidskraft står fiendtleg mot kvarandre og berre kan samlast gjennom kjøp og sal av arbeidskraft. Det som ligg til grunn for aktiviteten pengar som kjøper varer – både arbeidskraft og produksjonsmiddel er ei fordeling, ikkje av forbruksmiddel (fordel godane), men av produksjonselementa sjølv, der dei tinglege faktorane er konsentrert på den sine sida, og arbeidskrafta isolert frå desse, på den andre sida.

Marx avsluttar med å skrive at den kapitalistiske produksjonen ikkje berre produserer varer og meirverdi, han reproduserer i stadig større omfang lønsarbeidarklassen fordi den omsettinga som han har handsama i dette avsnittet føreset at lønsarbeidarklassen heile tida er til stade. Det er berre dette som gjer det mogleg å få kapitalen produktiv.

### [Andre kapittel. II. - Andre stadium - Den produktive kapitalens funksjon](#)

Når det første stadiet er ferdig går kapitalen over i det andre stadiet sitt der pengane er blitt omsett i produksjonsmiddel og arbeidskraft og då går ut av sirkulasjonen i pengeform og inn i produksjonsprosessen. Men kretslaupprosessen fortset når kapitalen går ut av området for varesirkulasjon og inn i produksjonssfæren. Den som set i gang prosessen må eige pengar og når varene er produsert må han selje dei for å få tilbake det han har satsa. Han blir vareprodusent.

Arbeidaren lever berre ved å selje arbeidskrafta si. For å leve må han/ho forbruke kvar dag. Det gjer at arbeidaren ofte treng pengar, dvs. løn, og dermed må kapitalisten heile tida ha pengar slik at han kan kjøpe arbeidskraft, han må opptre som pengekapitalist. På den andre sida må det stadig produserast forbruksmiddel som arbeidarane kan kjøpe og denne tilstanden aukar i høg grad sirkulasjonen av produkt som varer. Så snart produksjon ved lønsarbeid blir det vanlege må vareproduksjon bli den allmenne forma for produksjon. Når vi føreset dette så fører det til stadig meir oppdeling av det samfunnsmessige arbeidet og til at stadig nye produkttypar blir produsert av ein særskild kapitalist, større spalting i ein produksjonsprosess som utvidar seg i sjølvstendige

område. Då skil også produksjonen av produksjonsmiddel seg stadig meir frå produksjonen av forbruksmiddel og kapitalisten må kjøpe desse av andre kapitalistar. Det fører til at kapitalisten i enno større grad må opptre som pengekapitalist. Alt dette fører til at all produksjon blir vareproduksjon og hovudinteressa til kapitalisten blir sal av varene. Etter kvart som desse kapitalistisk produserte varene blir sold over alt i verda forvandlar dei etter kvart all vareproduksjon til kapitalistisk vareproduksjon.

Alle samfunnsmessige produksjonsformer må ha arbeidara og produksjonsmiddel. Den måten desse to blir sett i samband med kvarandre skil dei forskjellige økonomiske epokane i samfunnsstrukturen. Her snakkar vi om den kapitalistiske produksjonsprosessen som blei utførleg omhandla i første bind av *Kapitalen*. Kvart føretak som driv vareproduksjon blir føretak for å utbytte arbeidskrafa, men det er først den kapitalistiske vareproduksjonen som blir til ein epokedannande utbytingsmåte, som veltar om heile den økonomiske strukturen i samfunnet og overgår alle tidlegare epokar gjennom organisasjonen av arbeidsprosessane og den enorme utviklinga av teknikken.

Arbeidskrafa er berre ein vare i handa til seljaren, lønsarbeidaren, men blir kapital i handa til den som kjøper han, til kapitalisten som kan bruke han i ei viss tid. Produksjonsmidla blir berre kapital, eller produktiv kapital, frå det augeblikket då arbeidskrafa, som personleg eksistensform av denne krafa, kan koplast saman med desse midla. Korkje menneske eller produksjonsmiddel er kapital, dei blir det berre under særskilde historisk utvikla føresetnader, nett som gull blir pengar av same grunn.

Når den produktive kapitalen fungerer forbruker den seg sjølv for å omsette seg i høgverdig produktmasse. Fordi arbeidskrafa berre verkar som ein av kapitalens organ er også frukta av meirarbeidet hennar frukta til kapitalen. Det produktet som blir laga er derfor ikkje berre vare. Det er vare som er befrukta med meirverdi. La oss sei at denne varen består av 10 000 pund garn og at det for å framstille dette har gått med produksjonsmiddel til ein verdi av 372 £ og arbeidskraft til ein verdi av 50 £. I spinneprosessen sørger spinnarane for at verdien av dei forbrukte produksjonsmidla, 372 £ går inn i garnet. Så kan vi seie at ein ny verdi på 128 £ og går inn i garnet. Vi trekk dei 50 £ som blei lagt ut for å kjøpe arbeidskraft, frå dei 128 £ = 78 £ og får då ein verdi på det produserte garnet =  $372 + 50 + 78 = 500$  £. Dei 10 000 pund med garn ber då i seg ein verdi på 500 £.

### Første kapittel III. - Tredje stadium. W' – G'

Marx seier her at varen tar forma varekapital som den funksjonelle eksistensforma varen tar når han spring direkte ut av produksjonsprosessen som ein kapitalverdi som nett har fått tilført meir verdi. Denne forma tar alle typar varer. Kapitalen i vareform må fungere som vare og må seljast og bli forvandla til pengar gjennom rørsla W-G. Ser vi på eksempelet ovanfor så bør heile prisen på 500 £ bli realisert gjennom sal. Det som gjer denne enkle handlinga for all varesirkulasjon til ein kapitalfunksjon har ikkje noko med brukskarakteren eller verdien av varene å gjere. Det har med det å gjere at det i produksjonen blir skapt meirverdi som går inn i dei produserte varene og som går over i pengeform når varene blir sold. Det er utbytinga av arbeidskrafa som gjer at denne transaksjonen skaper kapital og det skjer altså i produksjonen og ikkje i sirkulasjonen.

Men så lenge varene ikkje blir sold, men ligg der som varekapital på marknaden, står produksjonsprosessen stille. Endringar i farten på omsetninga verkar derfor inn på kapitalens verknadsgrad, utvidinga og samantrekkinga av denne. Mens den kapitalen som er lagt ut i utgangspunktet, gjennom produksjons- og sirkulasjonsprosessen, berre endrar form og vender tilbake til utgangspunktet, er meirverdien eit nytt tilskott av verdi som gjer sin første sirkel og ender som ny verdi i hendene på kapitalisten i pengeform, som pengekapital.

Det tyder at den verdien i pengeform som blei brukt av kapitalisten til å kjøpe produksjonsmiddel og arbeidskraft vender tilbake til kapitalisten med eit tilskott som svarer til meirverdien. Den opphavleg satsa kapitalen i pengeform, vender tilbake i pengeform. Det gjer og meirverdien. Men det er ikkje mogleg å sjå forskjell på dei og å skilje ut meirverdien frå verdien av den opphavleg satsa kapitalen, for dei er begge representert ved noko likt, nemleg pengar, og i neste sirkulasjonsrundt fungere den auka kapitalen som Marx viser med  $G'$  (satsa pengar + tilskott av meirverdi) som utgangspunkt og dermed berre som  $G$  att.

#### Første kapittel IV. - Det samla kretslaupet

Det som er viktig for Marx å få fram her er at det ser ut som verdien blir skapt i sirkulasjonen, mens han i røynda blir skapt i produksjonen. Han snakkar her om industriell kapital, og det er nett kapital som gjennom produksjonsprosessen sin, der arbeidskraft blir utbytta, skapar meir verdi i det som kjem ut av prosessen, enn det som gjekk inn i han. Dei tre kretslaupa må gå føre seg fortlaufande for at kapitalen skal kunne fungere skikkeleg. Men samstundes krev kretslaupa at den industrielle kapitalen blir bunden i sine forskjellige former, som pengekapital, produktiv kapital og varekapital.

I kapittelet går han og inn på den spesielle rolla til kommunikasjonsindustrien anten det no dreier seg om den eigentlege transportindustrien for varer eller menneske, eller berre overføring av bodskap i brev eller telegram osb. – i dag kunne vi føye til alle typar meldingar og ytringar, biletar, musikk osb. gjennom dei moderne kommunikasjonsmedia. Denne industrien skil seg frå dei andre ved at han ikkje produserer og sel varer, eller ting, han produserer og sel plassendring og arbeidskrafa som blir brukt for å skape denne plassendringa, går direkte inn i denne, slik at også plassendringa skapar meirverdi. Nytteverknaden kan ikkje samlast opp i ein bruksting som kan brukast seinare, denne tenesta sin nytteverdi kan berre forbrukast under produksjonsprosessen sjølv.

Så seier Marx at den industrielle kapitalen er den einaste eksistensforma til kapitalen der ikkje berre tileigninga av meirverdien, respektive meirproduktet, men også skapinga av det er ein funksjon av kapitalen. Og det føreset allereie den kapitalistiske karakteren av produksjonen, eksistensforma hans inneber klassemotsetnaden mellom kapitalist og lønsarbeidar. I den grad kapitalismen utviklar seg og legg under seg den samfunnsmessige produksjonen blir teknikk og samfunnsmessig organisering av arbeidsprosessen velta om og med det den økonomisk-historiske typen av samfunn. Andre former for kapital, som eksisterte før dette, forsvinn.

Kretslaupet  $G \dots G'$  (pengar ... meir pengar) slyngar seg saman i den allmenne varesirkulasjonen, men det har og sin eigen sjølvstendig rørsle av kapitalverdien for den individuelle kapitalisten, ei rørsle som går både innanfor og utanfor den allmenne varesirkulasjonen, men har sin sjølvstendige karakter.

Når det gjeld omsettinga av pengar som kjøper varer ( $G-W$ ) og dei produserte varene som blir seld mot pengar ( $W'-G'$ ) så er kvar individuelle kapital ein del av den allmenne varesirkulasjonen. Men i tillegg har denne kapitalen sitt eige kretslaup innan denne allmenne varesirkulasjonen der produksjonssfæren er eit stadium han går gjennom for å komme tilbake til utgangspunktet og her endrar han til og med verdistorleiken sin og kjem tilbake som auka pengeverdi.

Viss vi ser på dette siste kretslaupet, dvs.  $G-W \dots P \dots W'-G'$  (pengar bytta mot varer ... produksjon ... vare med større verdi – meir pengar) så står det fram som *pengekapitalens kretslaup* fordi den industrielle kapitalen i pengeforma si er utgangspunkt og slutt punkt for heile prosessen hans. Her kjem og det vesentleg i kapitalismen fram fordi det viser at verdiaukeprosessen er det viktigaste, mens produksjonsprosessen berre er eit naudsynt vonde for å tene pengar. På grunn av dette blir alle nasjonar gripe av periodar med svindel der dei vil tene pengar utan at han er formidla av

produksjonsprosessen. Min merknad er at dette er det vesentleg grunnlaget for den såkalla finansialiseringa av kapitalen i våre dagar med sine spekulasjonar i aksjar til dømes.

Produksjonsprosessen trer her fram som eit brot mellom fasane G-W og W'-G' og som et reint middel for å auke verdien på den investerte verdien, altså tileigning av rikdom som målet med produksjonen. Formelen G...G' er altså karakteristisk, på den eine sida, ved at kapitalverdien er utgangspunkt og endepunkt slik at det synast som utlegg av kapitalverdi er middel og den auka kapitalverdien er mål for heile operasjonen. På den andre sida er både utgangspunkt og endepunkt uttrykt i pengar og då som pengar som skapar pengar. Utvinning av meirverdi ved hjelp av verdi er ikkje berre uttrykt som alfa og omega i prosessen, men uttrykkeleg i den blinkande pengeforma.

Fordi G' (satsa pengar pluss meirverdien i form av pengar), som er den realiserte pengekapitalen frå W'-G', finnast i same form som då dei opna kretslaupet, kan dei starte eit nytt kretslaup som auka kapital.

Så kjem noko om kretslaupet til den variable kapitalen og av meirverdien som eg hoppar over fordi det er nøyare omhandla seinare. Elles der det slik at heile denne boka er laga ut frå ymse manuskript og at det derfor er fleire overlappande tekstar.

Marx framhevar så at det kretslaupet vi har snakka om, og som avslører kapitalismens mål og mening også dekkjer over korleis verdien blir skapt og derfor er ei illusorisk framstilling av verdiskapingsprosessen, der møtet mellom arbeidskraft og produksjonsmiddel eigentleg ikkje finnast. Min kommentar er at det då ser ut som kjøp og sal av varer allment sett kan skape forteneste heilt enkelt fordi du kan selje dei dyrare enn det som det kostar å kjøpe det som lagar dei. Verdien av input er større enn verdien av output, utan at det eigentleg finnast noka forklaring. Heile den moderne borgarlege økonomien som ikkje erkjenner arbeidsverditeorien, prøver alle andre lure måtar for å forklare verdiauken, men kan sjølv sagt ikkje det. Derfor er denne politiske økonomien også hjelpelaus når ein skal forklare korleis utvekslinga mellom menneska og naturen rundt fungerer og korleis fordelinga mellom dei fungerer. Og kriser og anna kan dei ikkje oppdage og handtere før i etterhand, for ikkje å snakke om at dei kan tru at kapitalismen kan vare evig.

Ein følgje av at dei tre sirkuleringsprosessane både er samanfletta og går kvar for seg er at det lett oppstår forstyrring og stopp i systemet, med forskjellige typar kriser. Desse er plagsame og typiske, men ikkje daudelege for systemet.

#### [Andre kapittel - 4. Den produktive kapitalen sitt kretslaup, varekapitalens kretslaup, kretslaupet sine tre figurar.](#)

Desse hoppar eg over. Vi går då glipp av noko, men det kjem mykje om det desse kapitla omhandlar i seinare delar av boka. Men for å få med alle føresetnader må du sjølv sagt lese heile boka.

#### [Femte kapittel - Omlaupstida](#)

Den tida som går, mens kapitalen er i produksjonsprosessen og varesirkulasjonen, utgjer produksjonstida til kapitalen, respektive sirkulasjons- eller omlaupstida hans. Totaltida for heile kretslaupet er altså lik summen av produksjonstida og omlaupstida.

Innan produksjonstida er det berre i arbeidstida at det blir produsert verdi og meirverdi. Er det pausar i arbeidet, av den eine eller andre grunnen, så blir det ikkje skapt verdi i pausetida. Dess nærrare produksjonstida ligg arbeidstida, dess større blir produktiviteten og verdiauken av kvart produktive kapital i eit visst tidsrom. Kapitalismen har derfor ein tendens til å prøve å unngå at produksjonstida blir lengre enn arbeidstida.

Denne prosessen opnar for illusjonar om kva som skaper verdiane. Marx seier at den politiske økonomien (som han kritiserer, i meiningsa undersøker grundig for gjere korrekte vurderingar) ikkje klarer å komme under overflatefenomena. Fordi det ser ut som omlaupstida verkar inn på kapitalens verdiskapingsprosess, så finn dei løysinga på kapitalen sin mysteriøse sjølvauke i varesirkulasjonen, uavhengig av arbeidsprosessen og utbyttinga av arbeidskrafta.

Denne innbillingsa blir styrkt av den kapitalistiske måten profitten blir regna ut på, der ein lengre omlaupstid verkar som grunn for prisauke, kort sagt som ein av grunnane til utjamninga av profittane og ved at produksjonstida ser ut til å vere avhengig av omlaupstida og ved at det ser ut som om omsettinga i variabel tilskottskapital skjer innan sirkulasjonen eller under omlaupstida.<sup>i</sup>

Ein av konklusjonane når det gjeld omlaupstida er at varer som er av slik kvalitet at dei må omsettast raskt, egnar seg därlegare for kapitalistisk produksjon enn dei med lengre varighet. Føresetnaden for at dei som må omsettast raskt kan produserast på kapitalistisk vis er at marknaden ligg nær. Det tyder at sentralisering av folk er viktig for kort omlaupstid og for å kunne produsere flest mogleg varer på kapitalistisk vis. Det tyder også at alle metodar for å gi varer lengre levetid frå dei er ferdig produsert til dei kan seljast er viktig, for då kan dei nå fram til marknader lengre vekke og halde seg lenger i marknaden slik at fullstendige omslag kan sikrast utan for mykje svinn. Det kjem meir om omlaupstida i det fjortande kapittelet. Til sist i denne avdelinga tar Marx opp sirkulasjonskostnadene.

### Sjette kapittel - Sirkulasjonen sine kostnader

Sirkulasjonen har reine sirkulasjonskostnadar som den arbeidstida det tar å kjøpe og selje varene, den tida bokføring osb. tar, den tida pengeproduksjonen tar. Og det er lagringskostnader frå å halde bygnader, magasin, lagerplass og arbeidstida som blir brukt for lagring. Denne tida ligg utanfor den umedelberre produksjonsprosessen. Alt dette verkar som minsking av produktiviteten til arbeidet og aukar den mengda kapital og arbeidskraft som krevjast for å oppnå ein bestemd nytteverknad. Det er kostnader. Det er altså slik at alt som berre har med varen si formendring å gjere, altså at han går frå forma vare til pengar og tilbake til vare, ikkje tilfører han ny verdi. Men som tidlegare sagt, så tilfører transportproduksjonen, som må til for å få varene fram til forbrukarane, verdi og meirverdi til dei transporterte varene.<sup>ii</sup>

### Andre avsnitt - Kapitalens omslag

#### Sjuande kapittel - Omslagstid og omslagstal

I bokas andre avdeling tar Marx opp kapitalens omslag. Først seier han at det totale kretslaupet til ein kapital er lik med summen av omlaupstida og produksjonstida og omfattar tida som går frå då kapitalverdien blir satsa i ei bestemd form til han vender tilbake til same forma. Når vi ser på kapitalens kretslaup, ikkje som ei eineståande hending, men som ein prosess som heile tida blir tatt oppatt, så kallar vi det kapitalens omslag. Det viser til den periodiske rørsla i kapitalen sin livsprosess, eller den tida som går med når ein kapital blir fornya, tar oppatt verdiauknen sin og produksjonsprosessen sin. Hyppige omslag av kapitalen tyder at profitten, som dei reknar på året, blir høgare enn ved færre omslag på same tid. Dette er grunnlaget for at det er så viktig for kapitalen å korte ned all tid som seinkar omslaget, til dømes ventetid på ferjer, for å snakke om ferjefri E-39.

### Åttande kapittel - Fast og sirkulerande kapital

#### I. Formorskjellane

Marx analyserer så to nye omgrep, fast kapital og sirkulerande eller flytande kapital og her er det mange detaljerte vurderingar av råvarer hjelpestoff, bygnader, anlegg, infrastruktur, og rolla til slitasje i ymse industriar, reparasjonar osb. . Fast og flytande kapital er ikkje det same som konstant kapital og variabel kapital. Kort sagt er fast kapital den delen av den konstante kapitalen som fysisk

sett står fast på ein plass i produksjonen. Marx kallar denne delen for arbeidsmidla. Den flytande kapitalen, derimot, er det som kjem inn i produksjonen på den eine sida, blir omdanna i produksjonen og går ut att i andre enden av produksjonsprosessen. Her finn vi ein annan del av den konstante kapitalen, nemleg råvarer og hjelpestoff og dessutan den variable kapitalen, arbeidskrafta.

Desse to formene for produktiv kapital har sine særeigne formendringar. Fast kapital held på si materielle form og fører over verdien sin litt etter litt på dei produserte varene ut frå eigen slitasje som gir den faste kapitalen si funksjonstid. Flytande kapital går inn i produksjonen på den eine sida, får endra den materielle forma si og blir i produksjonsprosessen omdanna til nye produkt, dvs. nye varer og heile verdien til denne delen av kapitalen går inn i dei produserte varene saman med verdien av arbeidskrafta (og meirverdien som Marx seier vi kan sjå bort frå i denne samanhengen).

### [Verdien av fast kapital held seg til tross for slitasje](#)

Verdien av det som er oppbrukt eller bortsuite av den faste kapitalen går inn i varene og blir realisert ved salet av desse. Det tar tid før arbeidsmidla er utslitne og verdien deira går berre litt etter litt over i dei produserte varene. Dei er då grunnen for oppsamling av fond som kan brukast når den faste kapitalen skal erstattast med ny fast kapital. I den verkelege verda dannar det seg og gjennomsnittlege amortiseringstider (tider for avskriving av verdien) for dei forskjellige delane av den faste kapitalen. Dei kapitalistane som klarer å få den faste kapitalen til å fungere lenger enn dette gjennomsnittet tener på det, mens dei som får slite ut den faste kapitalen raskare, tapar på det. Dette gjer det endå vanskelegare å sjå kva som eigentleg skapar profitten deira. Det ser her ut som det er den faste kapitalen si varigheit som er kjelde til profitt.

Heile verdien av den flytande kapitalen (råvarer, hjelpestoff og arbeidskraft) går inn i dei produserte varene og den flytande kapitalen må derfor erstattast med korte mellomrom eller kontinuerleg. Fordi vi her finn at arbeidskraft og råvarer og hjelpestoff ligg under same omgrep, flytande kapital, er det og lett å seie at dei er like på fleire måtar, sjølv om dei er svært forskjellige når det gjeld verdiskapinga.

Noko anna som er viktig her er at Marx seier at verdien av slitasjen på den faste kapitalen går inn i varene og blir realisert gjennom salet av desse. Når han blir realisert gjennom sal, så går verdien deira over i pengeform og blir så til eit fond som brukast når den faste kapitalen er utslit og må erstattast med ny. Dette tyder at den faste kapitalen litt etter litt, etter som han blir slitt, endrar form – frå tingform til pengeform – men at den samla verdien av denne kapitalen blir den same heile tida. Det er viktig å vite når profitraten skal reknast ut, for profitraten er meirverdien delt på heile kapitalen. Det er mogleg å tru at den faste kapitalen misser verdi når han blir utslit under produksjonsprosessen, slik at meirverdien då skal delast på ein stadig mindre heilskapleg kapitalverdi. Gjer ein det, så får ein eit reknestykke der profitraten stig svært mykje. Då kan ein tru at det Marx kallar profitraten sin fallande tendens ikkje gjeld. Men den verdien som forsvinn av den materielle forma for fast kapital i form av slitasje kjem altså tilbake i form av pengar, og når vi tek omsyn til det fonnet som byggast opp for seinare å erstatte han, så er verdien av denne kapitalen heile tida den same. Dette kjem eg tilbake til under handsaminga av bind 3.

### [Arbeidarane skapar meir enn meirverdi](#)

Marx seier og her at arbeidarane gjer meir enn å skape meirverdi. Gjennom produksjonsverksemda si held dei og oppe verdien på den konstante kapitalen fordi denne kapitalen misser verdi når han står ubrukt. I tillegg er det og gjennom denne produksjonsverksemda at arbeidarane sørger for at verdien av den konstante kapitalen blir overført til dei produserte varene. Og dessutan er det ofte slik at arbeidarane i pausane sine reingjer og held ved like den konstante kapitalen, slik at dette blir gratis for kapitalisten. Noko som aukar fortanesta.

Marx handsamar og slitasje, bokføring og forsikring i dette kapitelet, men det går eg ikkje nærmare inn på.

**Niande kapittel – Det samla omslaget til den investerte kapitalen – Syklusar** i omslaget I kapittel 9 finnast det ei viktig samanfatning som har med dei sykliske krisene å gjere. Marx seier at utviklinga av den kapitalistiske produksjonsmåten medfører at den faste kapitalen sin storleik og varigheit stadig aukar, på hans tid til eit gjennomsnitt på rundt 10 år. Men samstundes fører den stadige omveltinga av produksjonsmidla til nedkorting av det han kallar den moralske nedslitinga av i forhold til den fysiske og at det derfor også er ein tendens til at varigheita på den faste kapitalen minskar. Den stadige teknologiske utviklinga, til dømes, gjer at den faste kapitalen må skiftast ut lenge før han er slite ut, for at kapitalen skal henge med i konkurransen. Det er også slik at den konstante kapitalen nok fornyast til ulike tidspunkt, men i det store og heile var det likevel slik at dei store fornyingane av denne kapitalen gjekk føre seg i periodar på om lag ti år. Desse tilhøva dannar eit materielt grunnlag for dei periodiske krisene då næringslivet går gjennom ein serie som startar med avspenning, fortsett med normal livaktigkeit og høgkonjunktur og så sluttar med krise.

Dette kan vi bruke til å analysere dei sykliske krisene vi nå har sett stadig tydelegare etter 1965.

### **Tiande kapittel -Teoriar om fast og flytande kapital – fysiokratane og Adam Smith**

Så går Marx kritisk gjennom utviklinga av teoriar om fast og flytande kapital. Her finn han ei kjelde til den politiske økonomien sine misoppfatningar av kapitalismen og dermed elendet til heile denne økonomiske retninga, fram til og med i dag. Han tar her føre seg fysiokratane, Adam Smith og David Ricardo. Fysiokratane såg at det blei tilført ein meirverdi til dei verdiane som gjekk inn i produksjonen, men dei tok feil når dei trudde at verdi berre blei skapt i jordbruket. Det gjorde at dei knytte verdiskapinga og meirverdiskapinga til naturvilkår og ikkje til arbeidskrafta i seg sjølv.

Smith, på si side, forvekslar skilnaden mellom fast og flytande kapital som høyrer heime i produksjonsprosessen, med dei formene som same kapitalverdet tar i sirkulasjonen – med varekapital og pengekapital. Det fører til skjebnesvangre feil i all etterfølgande økonomisk «vitskap». For det er ikkje den verdien som blir investert i arbeidsløner, og enno mindre arbeidsløna si form av pengar eller eksistensmiddel (som kan kjøpast for desse pengane) som omdannar verdiane til kapital og skapar meirverdi. Grunnlaget for dette er bytte av verdi (kapitalisten kjøper og arbeidaren sel arbeidskrafta si) mot ei verdiskapande kraft (arbeidskrafta), det vil seie forvandlinga av ein konstant storleik til ein variabel.

Ut frå dette ser Smith på arbeidarane sine eksistensmiddel og ikkje arbeidslønna som del av den produktive kapitalen. Då gjer han det umogeleg å forstå skilnaden mellom variabel og konstant kapital, altså over hovudet å forstå den kapitalistiske produksjonsprosessen. Arbeidskrafta si karakter av å vere variabel kapital i motsetnad til den konstante kapitalen, blir skjult ved at den kapitaldelen som blir satsa i arbeidskraft, høyrer til den produktive kapitalen sin del, når det gjeld omslaget. Heile problemet blir fullstendig uforståeleg når vi reknar arbeidarane sine eksistensmiddel til kapitalen sin produktive del i staden for arbeidskrafta. Marx konkluderer med at Smith, når han framheld at det avgjerande kjenneteiknet for den kapitalverdien, som er investert i arbeidskraft, er at det utgjer ein del av den flytande kapitalen, fullstendig har lukkast med å hindre sine etterfølgjarar frå å oppfatte arbeidskrafta sin verdi som variabel kapital. Smith gjorde rettare og meir djuptgåande analyser i andre samanheng, men dei slo ikkje gjennom, noko som den feile analysen gjorde.

Dette viser at dei tar feil som påstår at Marx rett og slett overtok Smith sine analyser av kapitalismen. Dei har ikkje skjøna Marx sin metode med å kritisk tileigning av dei eldre økonomane sine tekstar.

Det tyder at han gjorde ei grundig vurdering av desse og fann både styrkane og veikskapane i dei. Så bygde han vidare på og vidareutvikla det han meinte var styrkane og la til side veikskapane.

### [Ellevte kapittel – teoriar om fast og sirkulerande kapital - Ricardo](#)

Så viser Marx at Ricardo også tok over forvekslinga av fast og flytande kapital med konstant og variabel kapital, frå Adam Smith. Marx viser at Ricardo handsamar kapitalomgrepene på ein tilfeldig måte i begynninga av sin analyse av dette omgrepet. Han seier at den delen av kapitalen som skal underhalde arbeidet (lønna) og den delen som er investert i verktøy, maskineri og bygnader kan kombinerast på ymse vis. Han meiner då at fast kapital er lik arbeidsmiddel og sirkulerande kapital er lik kapital investert i arbeid. Her blandar Ricardo saman sirkulerande kapital med variabel kapital dvs. den delen av den produktive kapitalen som er satsa i arbeidsløner.

Men på den andre sida blir definisjonen av kapitalomgrepene også feil fordi motsetnaden som er skissert (den delen som skal underholde arbeidet på den eine sida og verktøy, maskineri og bygnader på den andre sida) ikkje er tatt frå den verdiskapande prosessen, der det er snakk om konstant og variabel kapital, men frå sirkulasjonsprosessen. For det første blir spørsmålet om forskjellar/ulikskapar i kor lenge den faste kapitalen varer og ulikskapar i samansetninga av den konstante og variable kapitalen, samanblanda. Men ulikskapane i det siste forholdet er bestemmande for meirverdiproduksjonen, mens det første forholdet – i den grad det gjelder den verdiskapande prosessen – berre har samband med den måten som verdien blir overførd frå produksjonsmidla til produktet.

Viss vi er nøgd med å studere problemet frå standpunktet til dei ferdige fenomena i staden for å prøve å gjennomskode den kapitalistiske produksjonsprosessen sitt indre forlaup, så fell desse ulikskapane saman. Viss vi abstraherer frå kva som verkeleg skjer i sjølv produksjonsprosessen, og ser alt ut frå sirkulasjonsprosessen, så er det slik at verdien av arbeidslønna går inn i produksjonsprosessen på same måte som verdien arbeidsmidla, og så blir desse kombinert og det som kjem ut er nye produkt der verdien er lik det som gjekk inn i prosessen. Kva som går føre seg i produksjonsprosessen treng ein ikkje bry seg med då. Meirverdien og utbyttinga forsvinn og vi må finne andre forklaringar på kvifor kapitalakkumuleringa kan skje, og dette er det overflatiske utgangspunktet for all økonomisk vitskap som ikkje har avslørt det vesentleg i denne prosessen.

Ut frå denne fenomenologiske synsmåten, som er overflatisk, ser vi ikkje at den kapitalen som blir satsa i arbeidsløner er arbeidskraft, men oppfattar han som dei eksistensmiddelet som arbeidaren kan kjøpe for lønna. Den faste kapitalen består då av varige arbeidsmiddel som blir erstatta etter lengre tidsintervall, medan den kapital som blir nedlagd i arbeidskraft, består av eksistensmiddelet som vi oftare må erstatte med nye.

Denne overflatiske synsmåten er sentral i all borgarleg økonomisk ideologi.

### [Tolvte kapittel - Arbeidsperioden](#)

Kapittel 12 i bind to omhandlar arbeidsperioden og her må vi tolke å følgje nokre reknestykke. I dei forskjellige greinene av produksjonen er det ulike produksjonstider. Marx brukar eit bomullsspinneri og ein lokomotivfabrikk som eksempel. Desse forskjellane gjer sjølvsagt også at omlaupstida for kapitalen blir ulik. Marx føreset at begge fabrikkane brukar like stor kapital og at fordelinga mellom konstant og variabel kapital og mellom fast og flytande kapital er lik og arbeidsdagen er like lang og delt i dei same proporsjonane naudsynt arbeid (til løner) og meirarbeid (til meirverdi) og begge sel produktet sitt straks det er ferdig. I bomullsspinneriet er til dømes produksjonstida ei veke frå ein flytande kapital (råvarer, hjelpestoff og arbeidskraft) er satsa til varene er produserte og selde og den

flytande kapitalen har vendt tilbake slik at han kan satsast på nytt, mens det tar tre månader eller 12 veker før det same skjer i lokomotivfabrikken.

Dette tyder då at spinnerifabrikanten kvar veke får tilbake verdien av den investerte flytande kapitalen slik at han kan setjast inn i en ny runde med produksjon. Men lokomotivfabrikanten må forsette med produksjonen i 12 veker før loket kan seljast og den flytande kapitalen vender tilbake i pengeform, slik at prosessen kan starte opp att. Dette tyder at mens spinnerifabrikanten må investere til dømes 100 000 kroner i flytande kapital før ein ny produksjonsprosess kan begynne, så må lokomotivfabrikanten multiplisere dette med 12 og altså satse tolv gongar så mykje i flytande kapital for å få fullført produksjonen.

Kvar veke får bomullsfabrikanten tilbake den satse flytande kapitalen, saman med verdien av slitasjen av den faste kapitalen (maskineri, bygnader osb.) som og har gått inn i dei produserte varene. Her ser vi vekk frå meirverdien. Kapitalen sitt omslag er ferdig og kan bli starta på nytt. Men det tar altså 12 veker før lokomotivprodusenten kan gjere det same. Han må altså satse tolv gongar så mykje flytande kapital som spinnerifabrikanten for å få tilbake det han har sats for å få produsert varen sin, lokomotivet. Han må altså ut med 1 200 000 kroner i flytande kapital før han kan få noko att, mens spinnefabrikanten også har brukt til saman denne summen i på dei same tolv vekene, men fordi han har fått tilbake same summen kvar veke, så må han aldri legge ut meir enn 100 000 kroner. Dette gjer sjølv sagt ein svært stor forskjell i vilkår for dei to fabrikantane. Lokomotivprodusenten må satse tolv gongar meir flytande kapital enn spinnerifabrikanten for å halde produksjonsprosessen gåande. Ein større kapital blir bunden i form av produktiv kapital.

Dette gjer og at skipingar i den samfunnsmessige produksjonsprosessen, til dømes på grunn av kriser, verkar forskjellig på dei forskjellige produksjonsprosessane. I nokre prosessar kan produksjonen bli regulert opp ned relativt rask ettersom etterspurnaden vekslar, som for kolproduksjon og spinning, mens det for andre, som jernbanar, fartøy osb. er slik at ein heil prosess som skal føre til eitt produkt, blir avbroten heilt og då er det arbeidet som alt er gjort til ingen nytte. Om produksjonen seinare blir tatt opp att har vi hatt eit verditap i mellomtida.

Her tar og Marx opp endringar i bustadbygginga på si tid. Først var det slik at entreprenørane bygde hus på bestilling for enkeltpersonar eller grupper. Men etter kvart utvikla det seg slik at dei bygde hus utan at dei var bestilte, dei bygde hus for ein marknad der ein ikkje visste sikkert om behovet var der, og spekulerte i at dei skulle få seld dei. I staden for å bygge eit par-tre hus om gongen, måtte dei no kjøpe eller bygsle eit stort område og bygge eit par hundre hus som dei spekulerte i å få seld.

Entreprenøren treng mykje større kapital for å gjere dette og må gjerne låne og få betalt ut pengar etter som bygginga skrir fram. Om det oppstår ei krise kan alle desse betalingane stoppe opp og heile føretaket kan å over styr. Og profitten på bygginga er liten, mens det en tenar på er stigande jordrente og best mogleg utnytting av tomtene. Store delar av den tidas London blei bygd på slikt spekulativt grunnlag, som Belgravia og Tyburnia.

Så har Marx, samband med arbeidsperioden, ein viktig kommentar om korleis kapitalismen utviklar seg. Han snakkar om alle dei forholda som aukar den enkelte arbeidsdagen sitt produkt, dvs. som aukar arbeidets produktivitet) slikt som samvirke, arbeidsdeling, bruk av maskineri osb. også forkortar arbeidsperioden i samanhengande produksjonsprosesser og nemnar fleire eksempel. Så seier han at desse forbetingane, som kortar inn arbeidsperioden og dermed den tida som den flytande kapitalen blir satsa, også som oftast er knytt saman med auka innsatsar av fast kapital. Så kvar innkorting av arbeidsperioden er knytt til auke av den kapitalen som må satsast for kortare tid, slik at tilskottet av kapital aukar i takt med omslagsfarten.

Heile denne utviklinga har som vilkår at herreveldet over produksjonsmiddel og eksistensmiddel i stadig aukande grad blir samla på enkelhender, altså av kapitalkonsentrasjon. Kreditvesenet kan forkorte arbeidsperioden og dermed omslagstida.

### Trettande kapittel – Produksjonstida

Men i dei produksjonsgreinene der arbeidsperioden blir bestemd av naturtilhøve, kan det ikkje skje nokon forkorting med dei midla me no har snakka om.

Ifølge dette seier Marx at til dømes skogsdrift og feal ikkje passar for kapitalistisk drift. Han er og inne på kor store vanskar det skapar når naturtilhøve gjer at arbeidsperioden bli kort på grunn av naturtilhøve ved det som blir produser eller ved klimaet til dømes. Det har stor relevans for norsk jordbruk og viser kvifor det er viktig spesielle ordningar for å halde oppe jordbruket her. Å legge det inn under EU eller reglar som passar for stader med betre jord og klima, vil vere øydeleggande. Kapittelet har mange konkrete eksempel som viser kor nøye Marx var med fakta og kor omfattande kunnskap han hadde.

### Fjortande kapittel - Omlaupstida

Omslagstida for kapitalen er lik summen av produksjonstida og omlaups- eller sirkulasjonstida. Den viktigaste delen av omlaupstida er den tida som går med til sal av dei ferdige produkta, altså den tida kapitalen ligg lagra som varekapital. Lagringstida vil og medføre auka utlegg til lagerkostnader. Ein viktig årsak til forskjellar i salstida og dermed i omslagstida er ulike avstandar til den marknaden der varen skal seljast. Under heile transporttida frå produksjonsstaden til varemarknaden er kapitalen bunde som varekapital, og i tillegg til det kan komme tida det tar å finne kjøparar. Utviklinga av kommunikasjonsmidla, seier Marx, kortar ned transporttida, men opphevar ikkje den relative forskjellen i omlaupstid mellom dei ulike kapitalane eller mellom dei ulike delane av same varekapital som går til ulike marknader. For kapitalen er det svært viktig å få ned transporttida og transportmidla blir i først hand utvikla for å binde saman dei store industriksentra med dei store befolkningssentra.

Så registrerer han at mengda med varer som blir transportert over lange distansar veks enormt og samtidig veks då den delen av den samfunnsmessige kapitalen som er bunden i form av varekapital. Samstundes veks den samfunnsmessige rikdomen, som i staden for å gjere direkte teneste i produksjonen blir bunde til transport- og kommunikasjonsvesenet og som der gjer teneste i varesirkulasjonen som fast eller flytande kapital.

Til slutt i det fjortande kapittelet skriv Marx at økonomane har ein viss tendens til å gløyme at ein del av den naudsynte kapitalen stadig vekselvis går gjennom dei tre formene: pengekapital, produktivt kapital og varekapital, men at ein viss del av kapitalen må vere bunde i kvar og ein av desse formene, sjølv om den relative storleiken av desse delane vekslar. Økonomane har særskild lett for å gløyme den delen som stadig fungerer som pengekapital, sjølv om nett dette forholdet stadig gjer seg sterkt gjeldande i det praktiske føretakslivet og er ein føresetnad for å forstå den borgarlege økonomien.

### Femtande kapittel – Verknad av omslagstida på storleiken av kapitalinnsatsen

Marx går så, i kapittel femten, over til å undersøke korleis omslagstida verkar inn på storleiken av kapitalinnsatsen. Han viser her at ein del av den produktive kapitalen må vere uverksam i delar av kapitalen sin omslagsperiode, både fordi det tar tid å få selv varene og fordi det trengs bufferfond som kan setjast inn ved endringar i produksjonen. Så seier han at økonomar som ikkje har noko klart omgrep om omslagets mekanisme, stadig gløymer dette hovudmomentet, at berre ein del av industrikapitalen kan vere faktisk engasjert i produksjonsprosessen om produksjonen skal kunne gå føre seg utan avbrott. Mens den eine delen finnast i produksjonsperioden må samstundes ein annan del fungera i sirkulasjonsperioden. Den eine delen kan berre fungere som produktivt kapital under

den føresetnaden at ein annan del finnast utanfor den eigentlege produksjonen, som vare- og pengekapital. Og viss du ser bort frå dette, så ser du overhovudet bort frå pengekapitalen si betyding og rolle.

Så omhandlar han meir detaljert korleis omslagstida verkar inn på storleiken av kapitalinnsatsen. Eg går ikkje nærare inn på det, men eit viktig poeng er at det kan medføre opphoping av pengekapital, som så har sine verknader på heile økonomien att. Som han konkluderer: ein svært stor del av den samfunnsmessig sirkulerande kapitalen, som slår om fleire gonger i året, vil under den årlege omslagsperioden finnast i form av frigjort kapital. Og denne frigjorte kapitalen vil spele ei stor rolle, særleg ettersom kredittsystemet blir utvikla og utgjer samstundes eit av grunnlag for dette.

Til slutt i kapittelet omhandlar han korleis prisendringar verkar inn på storleiken av kapitalinnsatsen. Viss prisen på råvarer, hjelpestoff eller arbeidskraft går ned så medfører det ein tilsvarende auke i pengekapitalen. Heilt til sist går han inn på tre forhold. Først tar han opp korleis kortare omslagsperiode fører til at meir pengar kjem ut på pengemarknaden og omvendt at lengre sirkulasjons og omslagsperiode krev at pengar blir trekt ut av pengemarknaden. Så viser han korleis senka pris for dei produkta som går inn i produksjonen fører til overskott på pengekapital og korleis prisfall på dei ferdige produkta fører til at det trengs nytt tilskottskapital som trekast ut av pengemarknaden eller at auka pris medfører at kapitalisten tileignar seg pengekapital som kan gå ut på pengemarknaden.

Kapittelet har mange utrekningar og fleire delar som eg ikkje går nærare innpå.

### [Sekstande kapittel - Den variable kapitalen sitt omslag](#)

I det sekstande kapittelet tar Marx opp omslaget til den variable kapitalen. Den første delen handlar om meirverdien sin årsrate. Han viser korleis denne heng saman med talet på kapitalens omslag. Først definerer han kapitalens omslag og skriv at vilkåret for kvart særskild omslag er erstatning av den totale kapitalen som har gått ut av produksjonsområdet og gått inn i sirkulasjonen i varekapitalens skapnad eller form.

Den første fasen av sirkulasjonen av vare pluss meirverdi til pengar ( $W' - G'$ ) er felles for den flytande konstante kapitalen (arbeidsformåla) og den flytande variable kapitalen (arbeidskrafta). Men når varene er seld og andre fasen tar til, opptrer ein forskjell. Ein del av dei pengane som varene er blitt forvandla til blir omsett i produksjonsførråd (flytande konstant kapital). Ein annan del av desse pengane ligg at som eit forråd av pengar som etter ein stund blir brukt til å betale den arbeidskrafta som på ny skal nyttast i produksjonsprosessen. Dette dannar den flytande variable kapitalen. Det er altså slik at heile den flytande kapitalen, både den konstante og den variable gjennom sirkulasjonsprosessen, kjem tilbake til utgangspunktet og erstattar det som blei forbrukt før omslaget tok til. Når det gjeld den investerte faste konstante kapitalen så går også verdien av slitasjen av denne inn i produktet og er med i sirkulasjonen slik at den og blir erstatta. Men denne delen av kapitalen blir hovudsakeleg igjen på produksjonsstaden. Det vi skal merke oss er at dersom 500 kroner blir investert i flytande variabel kapital, så trengs ikkje ei ny investering ved kvart nytt omlaup av kapitalen fordi den satsa kapitalen vender tilbake til utgangspunktet og går inn i neste omlaup.

Så viser Marx at meirverdien sin årsrate er lik med meirverdiraten i kvart omslag multiplisert med talet på omslag i eitt år. Viss ein investert variabel kapital på 500 kroner slår om ti gonger i året og meirverdiraten i kvart omslag er 100 %, så blir meirverdien i kvart omslag også 500 kroner. Den samla meirverdien som denne satsa variable kapitalen på 500 kroner skapar blir då  $500 \text{ kroner} * 10$  (omslag) = 5000 kroner og den årlege meirverdiraten blir 5000 (meirverdien i eit år) dividert på 500 (den investerte variable kapitalen) = 1000 %.

Men for ein liknande variabel kapital med ei omslagstid på eit heilt år er det annleis. Då kan ikkje produktet seljast før heile året er omme og for kvar arbeidsperiode må kapitalisten likevel legge ut nye 500 kroner for å kunne kjøpe ny arbeidskraft. På 10 arbeidsperiodar må han legge ut 500 kroner multiplisert med 10 = 5000 kroner. Viss meirverdiraten på et eine omslaget er 100 % så blir årsraten 5000 dividert på 5000 = 100 %

Det er altså slik at dess fleira omslag den flytande kapitalen (som den variable kapitalen er en del av) har, dess høgare blir meirverdien sin årsrate. Så skriv han at dette kan gi inntrykk av at det ikkje er utbyttinga av arbeidskrafta som skapar meirverdien, men noko mystisk som heng saman med sirkulasjonen. Og dette, skriv han, har ført til ei fullstendig forvirring innan Ricardo sin skule sidan byrjinga av 1820-talet.

I resten av denne første delen av kapittelet viser han korleis denne forvirringa kan fjernast.

### Omslaget og framandgjeringa

I den andre delen av kapittelet ser han på den enkelte variable kapitalen sitt omslag. Dette avsnittet er særleg interessant fordi Marx her viser tilbake til dei økonomisk-filosofiske manuskripta frå 1844 der han omhandlar framandgjeringa.

Han bruker her framleis eksempelet med kapital A som har 5 vekers omslagsperiodar der 500 pund variabel kapital blir satsa i den første veka. Desse 500 £ blir så utbetalt med 100 £ i løn kvar veke i desse 5 vekene slik at dei 500 £ er brukt opp på arbeidskraft i den første omslagsperioden. Desse 500 £ har no slutta med å vere kapital. Dei er betalt ut i løner til arbeidarane, som i sin tur bruker dei til innkjøp av eksistensmiddel. Dei bruker i løpet av desse 5 vekene eksistensmiddel til ein verdi av 500 £, og dermed har ei tilsvarande mengd verdi blitt tatt ut av marknaden. Desse eksistensmidla har arbeidarane forbrukt uproduktivt – viss vi ser bort frå at dei har halde oppe arbeidskrafta, som er ein produksjonsfaktor som kapitalisten ikkje kan klare seg utan.

Men samstundes har kapitalisten forvandla desse 500 £ til arbeidskraft av same verdi (respektive pris) og denne arbeidskrafta har han forbrukt produktivt i produksjonsprosessen. Ved slutten av dei 5 vekene finnast det eit verdiprodukt til 1000 £. Halvparten av dette, 500 £, er nyprodusert meirverdi, mens den andre halvparten, 500 £, er den reproduiserte verdien av den variable kapitalen som blei satsa for innkjøp av ny arbeidskraft. Men 5 vekers arbeidskraft har gjennom omsettinga, der ein del av kapitalen blir forvandla til variabelt kapital, også blitt forbrukt, men produktivt.

Det arbeidet som var verksamt i går, er ikkje det same som er verksamt i dag. Gårsdagens arbeid, saman med den nyskapte meirverdien finnast no som verdien av eit produkt, ein ting som er skild frå sjølve arbeidskrafta. Men når produktet blir forvandla til pengar kan ein del av verdien i det, som motsvarer verdien av den variable kapitalen, på ny bli anvendt til innkjøp av arbeidskraft og så igjen fungere som variabel kapital. I heile perioden på 5 veker blir 5000 £ brukt til løner og ikkje 500 £, og desse pengane bruker arbeidarane til innkjøp av eksistensmiddel. Den satsa kapitalen på 5000 £ finnast ikkje meir.

Her ser vi at Marx skriv at gårsdagens arbeid, saman med den nyskapte meirverdien finnast no som verdien av eit produkt, er ein ting som er skild frå sjølve arbeidskrafta. Og det viser direkte tilbake til Marx si handsaming av framandgjeringa i dei økonomisk-filosofiske manuskripta frå 1844 og viser til det første momentet i den framandgjeringa som han då avdekkja, og det som er utgangspunktet for resten av analysen hans om denne. Dette viser og at heile verket *Kapitalen* er den vidare utviklinga av omgrepet framandgjeringa som då altså endar opp med at framandgjeringa si eiga utvikling skapar vilkår for framandgjeringa si oppheving.

Eit viktig poeng her er at dei 500 £ som blir satsa i byrjinga blir brukt opp og arbeidarane har produsert ein ny runde med nye 500 £ som går inn i neste omslag av kapitalen. Fordi det er same summen som blir brukt i kvar 5-vekers periode, kan det sjå ut som det same kapitalen som fungerer heile tid, men i verkelegheita er det nye 500 £ som blir brukt i kvar omslagsperiode. Men at summen kvar gong der den same skjuler det faktum at det altså er ny kapital som blir brukt. Dette skaper og illusjonar om at meirverdien kan blir skapt av sirkulasjonen.

Etter dette går Marx inn på ein forskjell mellom kapital A og kapital B der omlaups-perioden er eit heilt år. For kapital A blir den variable kapitalen erstatta kvar 5 veke, men han berre blir erstatta kvart år for kapital B. Derfor treng kapital A berre å satse 500 £ i det heile, mens kapital B må satse 5000 £ for å dekke lønsutgiftene til arbeidskrafta i eit heilt år før han kan levere sine varer på marknaden.

I det tredje delen av dette kapittelet tar Marx opp den variable kapitalen sitt omslag sett ut frå eit samfunnsmessig perspektiv. Først gjentar han det han alt har påvist at ein kapital, ved fleire omslag i året, gir høgare årleg meirverdirate dess fleire omslag det er.

Så kjem han til neste poeng. Når det kjem varer som inneholder verdien av variable kapitalen ut på marknaden kvar 5 veke, så fyller dei opp marknaden med same verdi som verdien av forbruksmiddel som arbeidarane tar ut av marknaden når dei kjøper livsmidla sine. Derfor blir balansen i marknaden ikkje øydelagd. Men for kapital B er det annleis. Her får arbeidarane også utbetalt løn for 5 veker og kjøper sine livsmiddel for dei, og dette gjentar dei eit heilt år før varer med verdien av deira løner blir sendt ut på marknaden. Det tyder at lønene gjennom heile året kjem ut på marknaden utan tilsvarande varer.

### [Ulike omslagstider og kommunismen](#)

Så har merknaden hans som viser tilbake på framandgjeringsa også opna for å seie noko om opphevinga av denne. Derfor skriv han at dei problema som oppstår på grunn av at kapital B ikkje kan levere varer ut på marknaden som motsvarer lønene ville vore enkelt å løyse dersom samfunnet ikkje var kapitalistisk, men kommunistisk. I eit kommunistisk samfunn ville pengekapitalen mest falle heilt bort og også dei forkledde transaksjonane som pengane fører med seg. Saken skulle då heilt enkelt kunne blir redusert til at samfunnet i forkant må rekne ut kor mykje arbeid, produksjonsmiddel og eksistensmiddel som utan ulempe kan bli satsa på langsiktige prosjekt, som til dømes jernbanebygging, som for lang tid frametter, kanskje fleire år, korkje leverer produksjonsmiddel eller eksistensmiddel eller nokon annan nyttig verknad, men i staden tar vekk arbeid, produksjonsmiddel og eksistensmiddel frå den årlege totalproduksjonen.

Men i det kapitalistiske samfunnet derimot, der den samfunnsmessige fornufta alltid gjer seg gjeldande i etterkant, kan og må dette heile tida føre til stor forstyrningar. Så skriv han vidare om kva det fører til når det kjem meir pengar ut på marknaden i ein periode, enn verdien av produserte varer.

### [Sytande kapittel - Meirverdien sin sirkulasjon og gullproduksjonen](#)

I kapittel sytten tar Marx opp meirverdien sin sirkulasjon. Han fortsett her å bruke dei to kapitalane A og B, der A har ti omslag i året, medan B har eit omslag i året. Dette fører med seg at kapitalisten som representerer kapital A kan betale sitt eige forbruk og reparasjonar osb. med meirverdien fordi han får realisert denne ved sal av dei produserte produkta kvar 5 veke. For kapital B er det annleis. Her må kapitalisten ha fond for eit heilt år til desse utgiftene, fordi det tar så lang tid før han får seld varene og altså kan realisere meirverdien. Med utvikling av kredit blir forholdet meir komplisert, men i prinsippet det same.

Dette gjer at kapital A gradvis kan innføre forbeteringar ved å bruke delar av meirverdien gjennom året, medan kapital B må bruke fond eller kreditt for det same. Men samstundes er det slik at ein del av meirverdien blir samla opp, akkumulert, som pengar og samla som latent pengekapital, som kan brukast seinare, når stor nok sum er samla, til større nyinvesteringar.

For den enkelte kapitalisten ser det slik ut, men med utvikling av kredittesenet blir desse pengane lånt ut til andre kapitalistar som brukar dei til utvida produksjon. Jo oftare meirverdien blir realisert, samstundes som produksjonsskalaen hans stig, desto meir får pengekapitalen tilført ny kapital, og i kvar fall vil ein del av dette blir brukt til ny kapital.

Den kapitalen som blir samla opp kan eksistere som ein skatt på kistebotn. Han kan og vere verdisymbol eller juridiske dokument med krav på tredjeperson. I alle tilfelle er det kapitalisten sitt juridiske krav på samfunnet sin framtidige årsproduksjon.

Så tar han opp problem knytt til enkel reproduksjon, der altså kapitalisten forbrukar heile meirverdien for sitt eige uproduktive forbruk og ikkje investerer i utvida produksjon. Sjølv med slik enkel reproduksjon må ein del av meirverdien eksistere som pengar, elles kan ikkje kapitalisten kjøpe forbruksmidla sine. For at desse pengane skal finnast, må dei produserast form av gull og eventuelt sølv. Det tyder at det må vere ein gullproduksjon som svarar til slitasjen av pengane og auken i varemengda.

Ein del av samfunnet sin arbeidskraft må altså blir brukt i gullproduksjonen. Så gjennomgår Marx kretslaupet og omslaget til den kapitalen som er satsa i produksjons av edle metall. Den viktigaste skilnaden i høve til andre produkt er at denne produksjonen ikkje har som resultat ein vare som må seljast før han blir omdanna til pengeform, for her finnast det gullet som blir produsert direkte i pengeform.

Etter loven for varesirkulasjon må den totale pengemengda vere lik med den mengd pengar som trengs for sirkulasjonen pluss ei mengd i form av skatt/fond som fungerer som reservefond av betalingsmiddel. Verdien av varene må betalast i reide pengar. Viss alle er sjølvstendige produsentar går varesirkulasjonen imellom dei. Vi kan då, viss vi ser bort frå den delen av verdien som erstattar den konstante delen av kapitalen deira, dele det årlege meirproduktet i to delar: ein del som erstattar dei naudsynte eksistensmidla deira, og ein del som dei brukar dels på luksusartiklar og dels for å utvide produksjonen. Den første representerer den variable kapitalen mens den siste representerer meirverdien. Men forskjellar i fordelinga mellom desse partane verkar ikkje inn på den mengda med pengar som trengs for å omsette heile årsproduktet.

Så omhandlar Marx eit problem som har komme opp i samanheng med dette. Det ein økonom som med utgangspunkt i formelen  $G-W-G'$  (pengar-varer-meir pengar) undrar seg på korleis kapitalisten kan klare å stadig ta ut meir pengar i sirkulasjonen enn han legg inn i han. Det er ikkje noko spørsmål om korleis meirverdien oppstår. Dette, som er det einaste verkelege problemet, trengs ikkje nokon forklaring ut frå kapitalisten sitt synspunkt. Han tenkjer jo at den verdien som er satsa ikkje hadde vore kapital om det ikkje hadde blitt tilført ein meirverdi. Når føresetnaden er at det er kapitalen, så blir meirverdien noko sjølvsagt. Så spørsmålet er ikkje korleis meirverdien oppstår, men kor dei pengane kjem frå, som realiserer det.

Ut frå denne synsstaden så ser det ut som om ein del av den varemengda, som går inn i omsetninga, er eit meirprodukt, at det altså representerer ein verdi som kapitalisten ikkje, med sin kapital, har ført inn i sirkulasjonen og at kapitalisten altså med produktet sitt fører inn i sirkulasjonen eit overskott utover kapitalen sin, og så tar dette overskottet ut or sirkulasjonen att. Viss vi ser på meirverdiproduksjonen som noko sjølvsagt, så har den varekapitalen, som kapitalisten plasserer i

sirkulasjonen, ein større verdi enn den produktive kapitalen som han tok ut frå det i form av arbeidskraft og produksjonsmiddel. Kor dette overskottet kjem frå blir korkje forklart eller forstått, men ut frå kapitalens standpunkt er det eit faktum.

Vi har altså det faktum at varene som kjem ut av produksjonen har ein større verdi når dei kjem ut på marknaden enn det som er satsa i pengar for å produsere dei. Og no skal desse varene seljast for at dei kan bli omdanna til produktiv kapital att. Men så er problemet: kor kjem dei pengane frå som gjer at nye varer som kjem ut på marknaden kan bli kjøpt, når ingen forvandlast til produktiv kapital att og før meirverdien kan brukast opp. Viss vi seier at den flytande kapitalen som blir satsa i form av pengekapital er 500 £ og produktet blir selv for 600 £ kvar gong, korleis kan då kapitalistklassen dra ut 600 £ frå sirkulasjonen når dei kjøper produktet, om dei heile tida berre plasserer 500 £ inn i han. Marx går inn på mange forklaringar som ein kan komme med, men som ikkje løyser problemet.

Så seier han at løysinga ligg hos kapitalistklassen sjølv. Det er denne klassen som sett pengar i sirkulasjon som realiserer den meirverdien som er skjult i varene. Men desse pengane kjem ikkje inn i sirkulasjonen som kapital, men som betaling for kapitalistklassen sitt individuelle forbruk. Dei utgjer ikkje nokon satsa kapital, til tross for at kapitalisklassen er utgangspunktet for sirkulasjonen deira.

Ein kapitalist som startar opp eit føretak må altså under det første omslaget ha tilgang til dei pengane som må til for at han kan kjøpe det han treng for å leve. Eller vi kan seie at han gir seg sjølv eit forskott på den summen som må til før han kan realisere meirverdien og bruke pengeverdien av den til å kjøpe verdiar som er likt med verdien av meirproduktet. Han må altså under første omslagsperiode betale sitt eige forbruk ut av eigen lomme i staden for ut av arbeidarane sine sin gratisproduksjon.

Han satsar ikkje desse pengane som kapital, men bruker dei som betaling for dei forbruksmiddel som han forbruker. Verdien av desse forbruksmidla utbetalar han i form av pengar som blir tilført sirkulasjonen, samstundes som han tar tilbake tilsvarende vareverdiar av han. Han forbruker varene og står ikkje lengre i noko verdiforhold til dei, men dei pengane som han har lagt ut fortsett å fungere som sirkulasjonsmiddel. Men han har tatt verdien av pengane ut av sirkulasjonen i form av produkt, og når dei blir forbrukt blir og verdien som finnast i den gjort til inkje. Dei er heilt borte.

Ved neste omlaup kan han bruke ein del av meirverdien til dette forbruket. Marx utviklar resonnementet vidare og legg dessutan inn forholdet mellom gullprodusentane og dei andre produsentane. Eit viktig poeng er at pengeverdien i marknaden alltid er den same som verdien av dei produserte varene som skal omsettast ved hjelp av pengar pluss naudsynte fond. Eit anna viktig poeng er at verdien av pengane, nett som for andre varer, kjem frå den forbrukte arbeidskrafta i gullproduksjonsindustrien.

Viss vi ser på situasjonen i dag så kan vi registrere ei stor endring frå Marx si tid på eit viktig felt. På Marx si tid fekk arbeidarane utbetalt lønene i pengar og hadde dei sjølv til dei var oppbrukt. Det var og meir vanleg at kapitalistane sjølv sat på den delen av meirverdien som dei etter kvart brukte til eige forbruk av livsmiddel sjølv om dei nok også hadde dei i banken.

Sjølv opplevde eg overgangen til eit nytt system då vi ikkje lenger fekk lønningspose, men ein bankkonto som pengane blei sett inn på slik at vi kunne ta dei ut litt etter litt ettersom vi hadde bruk for dei. Dette var sjølv sagt ei stor overføring av middel til bankane, som fekk mykje meir pengar til å låne ut at i mellomtida – også til kapitalistar som kunne bruke dei til produktive investeringar. På denne måten blei til og med arbeidarane sine løner i røynda tatt frå dei av bankane, som brukte dei til si eiga forteneste. Endå seinare har også arbeidarane sine pensjonspengar i stadig større grad gått same vegen. Det tyder at alle lønsmottakarar ikkje reelt sett eig sine eigne løner. Dersom ei stor

økonomisk krise kjem og bankane står i fare for å gå konkurs, vil det vise seg, ved at dei då kan disponere pengane dine til å sikre seg sjølv, mens du står att med svarteper. Eit EU-direktiv skal no sikre dette.

Så tar Marx opp påstanden om at stigning av løn fører til stigning av priser, og viser at dette ikkje er ein realitet, men ein skremselstaktikk frå kapitalistane for å halde arbeidarane frå å krevje høgare løner.

Marx konkluderer første delen av dette kapittelet med å seie at grunnvollen for det kapitalistiske produksjonssystemet er lønnsarbeidet der arbeidslønna blir utbetalt i form av pengar samstundes som naturytingar, skattar osb. blir forvandla til pengeytingar. Eit av vilkåra for at den kapitalistiske produksjonsmåten skal kunne utvikle seg i større skala er derfor at ein har ei pengemengd som er tilstrekkeleg for å formidle varesirkulasjonen og danne tilstrekkelege reservefond. Dette er ein historisk føresetnad for den kapitalistiske produksjonsmåten. Men vi må ikkje oppfatte det slik at vi samlar opp nok pengemengd og så startar med kapitalistisk produksjon. Denne blir utvikla samstundes med dei vilkåra som gjer han mogeleg. Derfor var ein auka tilførsle av edle metall sidan 1500-talet ein vesentleg faktor i utviklingshistoria til den kapitalistisk produksjonsmåten.

### [Sytande kapittel. II. Kapitalakkumulasjon og utvida reproduksjon](#)

I andre delen av dette kapittelet handlar om kapitaloppsamling (akkumulasjon) og utvida reproduksjon. Dette fører ikkje til at nye problem oppstår med omsyn til pengesirkulasjonen. I staden for å bruke ein del av meirverdien til eige forbruk brukar kapitalisten til investering for å auke produksjonen. Men som følgje av dette hamner ei større mengd varer i sirkulasjonen og det fører til at det trengs meir pengar for å realisere dei. Dette problemet blir løyst på same måte som ved enkel reproduksjon. Anten blir eksisterande fond brukt til dette, eller så må meir gull produserast. Og summen av dei verdiane av den arbeidskrafta og dei produksjonsmidla som blir brukt her, er ein dryg, uproduktiv utgiftspost for den kapitalistiske produksjonen, likesom for all produksjon som er grunnlagd på vareomsetting. Og samfunnet blir hindra i å bruke denne delen av produktivkrafta til å bringe fram nye produksjonsmiddel og forbruksvarer, dvs. til å bringe fram verkeleg rikdom. Derfor er det viktig å få ned kostnadene på dette feltet. Det kan vi gjennom kredittdelen, anten ved tekniske tiltak som bokføring av betalingsbalansar eller ved å auka pengane sin omlaupsfart. Så kredittdelen er naudsynt for utviklinga av kapitalismen.

Til slutt i kapittelet viser Marx kvifor arbeidarane aldri kan kjøpe heile det produserte produktet. Dei kan berre kjøpe varer med ein verdi som svarar til den investerte variable kapitalen, dvs. arbeidslønnene. Det dei ikkje kan kjøpe er det som er lagt ut for resten av den flytande kapitalen og for den konstante kapitalen som skal erstattast for ikkje så snakke om den delen som skapar kapitalisten sin meirverdi.

Det fonnet som kapitalistane skaffar seg frå meirverdien blir plassert i bankar, i statsobligasjonar og som i aksjar. Men ingen av desse metodane medfører at pengeskattar ligg brakk. Det er lite kontantar i bankane sine kvelv. Obligasjonar er ikkje kapital i det heile og aksjar er eigedomsrett til verkeleg kapital og rett til avkastning frå denne.

Noko av desse fonda blir tatt ut av produksjonen, mens andre blir ført inn i dei.

### [Tredje avsnitt - Den samfunnsmessige totalkapitalens reproduksjon og sirkulasjon](#)

#### [Attande kapittel - Innleiing](#)

Den tredje avdelinga av boka handlar om den samfunnsmessige totalkapitalens reproduksjon og sirkulasjon. Det består av fire kapittel. I kapittel 18 går Marx inn på formålet med undersøkinga. I

kapittel 19 tar han for seg tidlegare undersøkingar av emnet. Det tjuande kapittelet omhandlar enkel reproduksjon og er det lengste med 13 underpunkt, og det siste kapittelet omhandlar akkumulasjon og utvida reproduksjon.

### Attande kapittel. I. Formålet med undersøkinga

Først i denne avdelinga tar altså Marx opp formålet med den undersøkinga han no skal gjere. Ein føresetnad i denne delen av undersøkinga er at det går føre seg enkel reproduksjon, dvs. at kapitalisten bruker meirverdien til kjøp av eigne livsmiddel og ikkje til investeringar i produktiv kapital. Utgangspunktet her er at for kapitalen si utvikling er både produksjonsprosessen og sirkulasjonsprosessen naudsynt. Så er det to forskjellige sirkulasjonar det er viktig å halde frå kvarandre og å samanholde for å forstå korleis heile den samfunnsmessige totalkapitalen fungerer, og det er den sirkulasjonen som heng saman med det produktive forbruket og den som heng saman med det individuelle forbruket.

Marx seier at hele den samfunnsmessige kapitalen sitt kretslaup omfattar både det produktive forbruket (den direkte produksjonsprosessen) saman med dei materielle formendringane som formidlar han og det individuelle forbruket med dei formendringar eller det varebytet som formidlar dei. Det omfattar, på den eine sida, omsetnaden av variabel kapital til arbeidskraft og dermed også arbeidskrafta sin innforliving med den kapitalistiske produksjonsprosessen. Her opptrer arbeidaren som seljar av varen sin, arbeidskrafta, og kapitalisten som kjøpar av denne varen. Men på andre sida inngår også arbeidarklassen sitt varekjøp i varane sitt sal, altså i deira individuelle forbruk. Her opptrer arbeidarklassen som kjøpar og kapitalistane som seljarar av varer til arbeidarane. Dessutan omfattar varekapital sin sirkulasjon også meirverdien sin sirkulasjon, altså også dei kjøp og sal som formidlar kapitalistane sitt individuelle forbruk og dermed forbruket av meirverdien.

Alle enkeltkapitalane sine kretslaup sett som einskap, som den samfunnsmessige kapitalen omfattar både kapitalens sirkulasjon og den allmenne varesirkulasjonen. I den enklaste forma si består denne varesirkulasjonen berre av to ledd: 1) kapitalens eige kretslaup og 2) kretslaupet til dei varene som går inn i det individuelle forbruket, altså dei varene som arbeidarane kjøper med si løn og som kapitalistane kjøper med meirverdien.

Så gir Marx, på ei side, ei samanfatting av viktige trekk av første bind av kapitalen og bind to så langt. Etter det understrekar han at alle dei analysane som han har gjort så lang berre gjeld ein individuell kapital, rørsla til ein sjølvstendig del av den samfunnsmessige kapitalen.

Men desse enkelte kapitalane er berre ein sjølvstendig del av heile den samfunnsmessige kapitalen. Og så set han oppgåva å undersøke sirkulasjonsprosessen, som i sin heilskap er ei form av reproduksjonsprosessen, for dei individuelle kapitalane som delar av den samfunnsmessige totalkapitalen, altså av denne samfunnsmessige totalkapitalen sin sirkulasjonsprosess.

Det første han ryddar unna er pengekapitalen si rolle som ein del av den samfunnsmessige totalkapitalen. Denne kapitalen viser seg frå to sider når vi studerer den individuelle kapitalen sitt omslag. For det første er pengekapitalen den forma som kvar enkelt kapital har når det opptrer på scena og startar sitt tilvære som kapital. Då trer det fram som den eigentlege drivkrafta som set i gang heile prosessen. For det andre er den ein del av den satsa kapitalen som heile tida må tilførast og fornyast i pengeform, i ein viss proporsjon i høve til heile kapitalen. Men same korleis forholdet mellom produktiv kapital og pengekapital er, så er den ein del av den verksame kapitalverdien som heile tida kan fungere som produktiv kapital, og alltid avgrensa av den delen av kapitalverdien som heile tida må vere tilgjengeleg i pengeform ved sidan av den produktive kapitalen.

Til det første punktet er det slik at ut frå verdilova, som første bind tar opp, må pengekapital opptre som den drivande krafta både ved oppstarten av eit føretak og i den vidare verksemda. Dette gjeld både for enkeltkapitalar og for den samfunnsmessige totalkapitalen. Likevel er de slikt at sjølv om kapitalen sitt område for verksemd og omfanget av produksjonen er avgrensa av storleiken på den verksame pengekapitalen, så er ikkje denne avgrensinga absolutt. Arbeidskrafta kan bli utnytta meir intensivt, naturstoff, som ikkje er ein del av kapitalverdien, kan brukast i produksjonen – som jord, vatten, malmar, skogar osb. (i dag kan vi føye til mellom anna olje og gass). Arbeidsdagen kan bli forlenga og blir meir intens utan at lønene går opp. Vi kan og utnytte naturkrafter som ikkje kostar noko og dei kjem an på vitskapelige framsteg og tekniske metodar som ikkje kostar kapitalisten noko. Det same gjeld den samfunnsmessige organiseringa av arbeidskrafta i produksjonsprosessen og kor dyktige arbeidarane er i yrka sine. Verdien av produkta blir ikkje større av dette, men det blir danna material for ny kapital som er grunnlag for utvida reproduksjon. Kortare omslagsperiode vil også føre til at vi kan auke den produktive kapitalen utan å auke pengekapitalen, eller halde den produktive kapitalen i verksemde med mindre pengekapital. Han seier og at organiseringa av den samfunnsmessige kapitalen vil føre til at større kapitalar vil samlast på færre hender utan at den samla kapitalen aukar av den grunn. Men ikkje noko av dette har noko å gjøre med dei problema som pengekapitalen har. Kapital av ein viss storleik må derfor bli satsa, men for denne kapitalen er det mogleg å fungere som produkt- og verdiskapar på modifiserte og endra måtar.

Marx kommentar til det andre punktet viser framover. Her er det snakk om forskjellige typar arbeidsprosessar som krev forskjellig lengd på arbeidsperioden og dermed sirkulasjonstida. Kapitalar med lang arbeidsperiode krev meir pengekapital for å fungere enn dei med kort arbeidsperiode. Slik det er vist tidlegare i bind 2. I heile arbeidsperioden pluss tida som går med til sal, må kapitalisten skyte til pengar for å betale for arbeidskrafta og arbeidsføremål før han får seld varene og omdanna kapitalen i tingleg form til pengar att, slik at dei på ny kan brukast til å kjøpe arbeidskraft og arbeidsføremål. Dette forholdet et uavhengig av den samfunnsmessige forma som produksjonen har. Det kvilar på arbeidsprosessen sine objektive vilkår og gjeld for alle former for produksjon.

Ved samfunnsmessig, dvs. kommunistisk, produksjon fell pengekapitalen bort, mens samfunnet fordeler arbeidskraft og produksjonsmiddel på dei respektive greinene av verksemde. Vi kan tenke oss at produsentane tar imot papirtilvisingar, som gjer dei rett til å ta ut samfunnsmessige forbruksførråd i proporsjon til arbeidsprestasjonane sine. Men slike tilvisingar er ikkje pengar. Dei sirkulerer ikkje.

Under kapitalismen er det slik at to forhold medfører at behovet for pengekapital er avhengig av lengda på arbeidsperioden. For det første er det slik at pengar – bortsett frå kreditt – er den forma som kvar enkelt kapital må opptre i for å kunne bli forvandla til produktiv kapital. Dette går fram av den kapitalistiske produksjonens natur og all vareproduksjons natur. For det andre blir storleiken på den pengesummen som trengs bestemd av at arbeidskraft og produksjonsmiddel blir forbrukt under kortare eller lengre tid innan eit produkt kan bli levert som kan omsettast i pengar. Den kapitalen som skal satsast må ligge føre i pengeform, same kva slags pengar som blir brukt – metallpengar, setlar eller verdipapir (og i dag kan vi seie «elektroniske» pengar). Det tyder i denne samanheng ikkje noko kva slags produksjon og kva slags pengar det er som drar arbeidskraft, eksistensmiddel og produksjonsmiddel ut or sirkulasjonen utan at tilsvarande verdiar blir levert tilbake til han.

### Nittande kapittel - Tidlegare undersøkingar av emnet

Så går Marx i nittande kapittelet over til å skrive om tidlegare undersøkingar av emnet. Han tar opp fysiokratane, Adam Smith og etterfølgjarane hans, med David Ricardo i spissen. Først tar han opp fysiokratane og det kjende økonomiske diagrammet til Quesnay. Diagrammet viser at reproduksjon i uforandra skala skal kunne gå føre seg som ein sirkulasjon mellom dei store, funksjonelt bestemde samfunnsklassane. Det fysiokratiske systemet er den første systematiske samanfatninga av den

kapitalistiske produksjonen, seier Marx. Dei store forpaktarane var industrikapitalens representantar og sto i spissen for heile den økonomiske utviklinga. For jordbruket blei drive på kapitalistisk grunnlag av store forpaktarar og dei som gjorde jobben var lønsarbeidarar. Produksjonen bringa ikkje berre fram forbruksartiklar, men og verdien deira. Det avgjerande er å utvinne meirverdi og den blir skapt i produksjonen og ikkje i sirkulasjonen. Blant dei tre klassane, som vi finn som representantar for den reproduksjonsprosessen som er formidla gjennom sirkulasjonen, skil den kapitalistiske forpaktaren seg ut som direkte utbytar av det produktive arbeidet, den som står for meirverdiproduksjonen, mens jordeigaren og kjøpmannen berre tileignar seg ein del av meirverdien. Men fysiotratane mente at berre jordbruksarbeid produserte verdi, derfor var analysen deira avgrensa av det, og sette opp ein sperre mot å tenke på verdi og meirverdiproduksjon i andre produksjonsgreinar. Og derfor blir også verdiproduksjonen ikkje berre knytt til arbeidet, men og til jorda.

Adam Smith bygger vidare på fysiotratane sine innsikter, men også han kan skrive at naturen arbeider ved menneska si side og at sjølv om naturen sitt arbeid ikkje kostar noko, så har produktet av naturen sitt arbeid like stor verdi som den billigaste arbeidaren. Han skriv til dømes at det ikkje er berre arbeidarane som skaper verdi i jordbruket, men at også arbeidsdyra hans står fram som produktive arbeidarar. Derfor meiner han og at det ikkje finnast nokon industri som kan få til ein så stor reproduksjon som jordbruket.

Marx påviser at Smith at meiner at arbeidsløn, profitt og jordrente er dei tre urkjeldene til all inntekt og at den totale prisen eller byteverdien av det samla årlege produktet må løyser seg opp i desse tre delane og blir fordelt mellom innbyggjarane i landet som arbeidsløn, profitt og jordrente. Og ettersom profitt og jordrente begge er former for meirverdien, så tyder det at han meiner at den totale byteverdien eller prisen på det samla årlege produktet er lik arbeidsløn pluss meirverdi eller m+v slik Marx har uttrykt det. Med dette har han i røynda gløymt det Marx kallar den konstante kapitalen.

Smith sin store veikskap er at han ikkje oppdagar at den konstante kapitalen også sirkulerer. Når det gjeld kva verdiar som går inn i dei nye varene og som sirkulerer gjennom sal, slik at dei kan investerast på ny, så meiner han at dei berre kjem frå ein del av den flytande kapitalen, dvs. frå arbeidskrafta. Dette kjem av at han ikkje ser at også verdien av den konstante kapitalen som blir slitt i produksjonen, går inn i varene, sirkulerer og kjem tilbake i fornya form, som pengar som kan investerast på ny. Og det kjem igjen av at han ikkje har analysert varen og funne fram til varen sin dobbeltkarakter av byteverdi (som er ei form verdien trer fram i) og bruksverdi. Han ser at den tinglege forma av den faste kapitalen ikkje går ut av produksjonsstaden og fordi han manglar omgropa bruksverdi og byteverdi kan han ikkje komme vidare med analysane sine.

Marx seier at samanfattar det slik at Smith sitt framsteg er at han omset «avances primitives» og «avances annuelles» med «fast kapital» og «flytande kapital». Med det innfører han omgrepene «kapital» og det blir generalisert og rive laus frå jordbruket. Det er eit steg fram. Men Smith tar eit steg tilbake når han oppfattar «fast» i motsetnad til «flytande» som den avgjerande inndelinga av kapitalen. Elles tyder avances primitives grovt omsett, dei opphavelege investeringane og avances anuelles tyder årlege investeringar.

Marx konkluderer analysen av Smiths framstilling med å seie at den varen som Smith omhandlar på førehand er varekapital og omfattar både den forbrukte kapitalverdien og meirverdien, og at det er ein kapitalistisk produsert vare, resultatet av ein kapitalistisk produksjonsprosess. Derfor burde Smith først ha analysert denne produksjonsprosessen, og den verdiaukingsprosessen og verdidanningsprosessen som går for seg der. Fordi forutsetninga for denne prosessen er varesirkulasjonen, så krev ei slik framstilling også at ein før det gjer ein sjølvstendig analyse av varen.

Smith gjer ikkje denne analysen, derfor er det slik at sjølv når han kjem fram til riktig resultat, så tar han alltid omsyn til vareproduksjonen berre i den grad det dreier seg om vareanalysen, dvs. analysen av varekapitalen. Smith ser altså bort frå korleis den konstante kapitalen overfører verdien sin til den varen som blir produsert og det heng nøyer saman med at han ser på fast og flytande kapital som dei to avgjerande delane av kapitalen, og ikkje konstant og variabel. Og resultatet har blitt at Smith sin tankeforvirring om at all verdi i dei nyskapte varene er meirverdi pluss arbeidsløner framleis råder og at hans dogme er blitt ein ortodoks trusartikkel i den politiske økonomien.

Eg skal ikkje gå inn på den meir detaljerte framstillinga til Marx her, men berre nemne at han seier at korkje David Ricardo eller etterfølgjarane Ramsay, Say, Poudhon, Storch, Sismondi, Barton, Cherbuliez eller John Stuart Mill klarer å rydde opp i dette, men heller festar seg ved dei feile i Smiths analyser og ikkje det rette.

## Tjuande kapittelet – (Totalkapitalens rørsler under ) enkel reproduksjon

### I. Spørsmålstillinga

Så har Marx komme fram til den store analysen av totalkapitalen sine rørsler. Han seier at dei viktigaste problema kan løysast ved å sjå på denne under enkel reproduksjon, dvs. at kapitalistane ikkje investerer meirverdien, men berre å bruker han til å kjøpe forbruksmiddel.

Når totalkapitalen sine rørsler skal handsamast viser det seg at det oppstår nye problem som må løysast og som vi ikkje kan løyse ved berre å sjå på enkeltkapitalane. Når vi undersøker resultatet av den samfunnsmessige kapitalens verksemd eller det vareproduktet som samfunnet leverer i årets løp, vil det vise seg korleis denne reproduksjonsprosessen skil seg frå reproduksjonsprosessen til eit individuell kapital. Årsproduktet omfattar både den delen av den samfunnsmessige kapitalen som erstattar den forbrukte kapitalen, altså det samfunnsmessige produktet, og den delen som blir overført til forbruksfondet og forbrukt av arbeidarane og kapitalistane, altså både det produktive og det uproduktive forbruket. Han seier at vi må analysere ein figur som ser slik ut:

$$W' - \left\{ \begin{array}{l} G-W \dots P \dots W' \\ g-w \end{array} \right.$$

Her tyder som vanleg  $W$ =vare,  $G$ =pengar,  $P$ =produksjon  $W'$ =Vare tillagd meirverdi. Vi går her inn i dette kretsløpet med ein vare som kjem ut or det førre kretsløpet og derfor har med seg meirverdien frå den førre produksjonen = $W'$ . Dette er det produktive kretsløpet. Kapitalisten seljer varen= $W'$  og får pengar att for salet. Han brukar så nokre av desse pengane på å kjøpe dei varene som han skal bruke i produksjonen att, inkludert arbeidskrafta. Så set han arbeidskrafta i sving med arbeidsmidla og arbeidsføremålet og produserer ein ny vare =  $W'$  og slik om att og om att. Mens  $g-w$  er det uproduktive forbruket, det viser til pengar som ein kjøper forbruksvarer for.

Det spørsmålet som vi må løyse er på kva måte kapitalen, som blir forbrukt under produksjonen, kan bli erstatta av det årlege produktet og kva samband er det mellom denne fornyinga av kapital og kapitalistane sitt forbruk av meirverdi og arbeidarane sitt forbruk av arbeidsløn.

For å klare det må Marx inn på eit anna abstraksjonsnivå enn han opererte i bind 1 og elles, når han berre undersøkte den enkelte kapitalen sin vareproduksjons og produktverdi. Då spelte det ikkje noka rolle om produktet var maskinar eller korn eller andre varer. Men denne reint formelle framstillingsmåten rekker ikkje lenger når den totale samfunnsmessige kapitalen og produktverdien av denne skal undersøkast. Forvandlinga av ein del av produktverdien tilbake til kapital, mens ein annan del går inn i kapitalistane og arbeidarane sitt individuelle forbruk, dannar eit kretslaup innanfor sjølve produktverdien, som er eit resultat av den samfunnsmessige kapitalen. Dette

kretslaupet inneber ikkje berre at verdiane blir fornja, det inneber også materiell fornying og derfor er det i like høg grad vilkårsbestemt av dei gjensidige forholda mellom dei enkelte delane av den samfunnsmessige produktverdien, som av bruksverdet til det, til den materielle forma han har.

Elles strekar Marx under at enkelt reproduksjon i uforandra skala i seg sjølv er ein abstraksjon fordi vi trekk vekk all akkumulasjon eller produksjons i utvida skala. Noko som er heilt framandt for den verkelege kapitalismen og fordi produksjonsforholda ikkje er like frå år til år. Men innom den utvida reproduksjonen går også ein enkel reproduksjons føre seg, så han kan vi undersøke for seg fordi han alltid er ein del av den utvida reproduksjonen.

## II. Dei to avdelingane av den samfunnsmessige produksjonen

Når desse føresetnadene er lagt kan Marx gå vidare til andre delen av dette kapittelet som handlar om dei to avdelingane av den samfunnsmessige produksjonen. Han seier då at vi kan dele totalproduktet og totalproduksjonen i to delar.

- I. Produksjonsmiddel, varar som har ein slik form at dei må eller i det minste kan gå inn i det produktive forbruket = produksjonen.
- II. Forbruskvarar, dvs. produkt som har ei slik form at dei passer til å gå inn i kapitalistklassen og arbeidarklassen sitt individuelle forbruk.

Den kapitalen som blir brukt i kvar av desse to produksjonsgreinene dannar kvar for seg ein stor spesialavdeling av den samfunnsmessige kapitalen.

I kvar av desse avdelingane kan vi dele kapitalen i to delar att.

1. Variabel kapital, som etter verdien sin er lik summen av verdien av den samfunnsmessige arbeidskrafta som blir brukt i denne produksjonsgreina, altså lik med summen av dei lønene som blir betalt ut. Vi vi ser på det ut frå kva materiale det er laga av, så er dette sjølve den verksame arbeidskrafta som blir sett i rørsle av denne kapitalverdien.
2. Konstant kapital, dvs. verdien av alle produksjonsmiddel som blir brukt for produksjonen i denne avdelinga. Desse produksjonsmidla er på den eine sida fast kapital: maskiner, arbeidsverktøy, bygg, trekkdyr osb., og på den andre sida flytande konstant kapital: slike produksjonsmiddel som råvarer, hjelpestoff, halvfabrikata osb.

Heile verdien av årsproduktet er delt i ein del som svarar til verdien av den delen av den konstante kapitalen ( $c$ ) som blir bruk opp (dvs. den flytande kapitalen som er lik råvarer og hjelpestoff halvfabrikata) og den faste delen av den konstante kapitalen som under produksjonen blir overført til produktet (slitasje på maskinar, bygnader osb. som fungerer i lengre tid i sama form), saman med verdien som blir lagt til gjennom det totale årsarbeidet.

Verdien av det totale årsarbeidet er og delt i to. Den eine delen er erstatning for den utlagde variable kapitalen (arbeidsløna),  $v$ , og den andre delen er eit overskott ut over dette som dannar meirverdien ( $m$ ). Nett som verdien av kvar enkelt vare delar altså verdien av heile årsproduktet i kvar avdeling seg opp i konstant kapital, variabel kapital og meirverdi, som Marx forkortar til  $c+v+m$ .

Verdidelen  $c$  representerer ikkje heile den konstante kapitalen som har vore i bruk under produksjonen, berre den delen som representerer slitasjen. Resten av den faste konstante kapitalen ser vi bort frå når vi undersøker produktverdien (men derimot ikkje når vi skal beregne profitraten).

I den analysen som blir gjort i dette kapittelet ser altså Marx bort frå  $c$ -delen av den samla verdien av heile den konstante kapitalen som er i bruk under produksjonen og han konsentrerer seg berre om delen av den konstante kapitalen som blir brukt opp gjennom i løpet av året.

Etter å ha nemnd dette kan Marx begynne analysen av den enkle reproduksjonen. Han bruker dei nemningane no kjenner og føreset at meirverdiraten er 100 %. Så lagar han det første skjemaet.

I. Produksjon av produksjonsmiddel:

$$\text{Kapital} \dots \dots \dots 4000c + 1000v = 5000$$

$$\text{Vareprodukt} \dots 4000c + 1000v + 1000m = 6000 \text{ (i form av produksjonsmiddel)}$$

II. Produksjon av forbruksvarer:

$$\text{Kapital} \dots \dots \dots 2000c + 500v = 2500$$

$$\text{Vareprodukt} \dots 2000c + 500v + 500m = 3000 \text{ (i form av forbruksmiddel):}$$

Det årlege vareproduktet blir:

I.  $4000c + 1000v + 1000m = 6000$  produksjonsmiddel

II.  $2000c + 500v + 500m = 3000$  forbruksvarer

Totalverdien er 9000.

Når vi undersøker den omsetninga som må bli resultatet, når vi går ut frå enkel reproduksjon der heile meirverdien blir forbrukt uproduktivt (ikkje investert i nye produksjonsmiddel) og samstundes ser bort frå pengesirkulasjonen, så får vi tre vesentlege haldepunkt.

For det første må arbeidarane si løn (500v) og kapitalistane sin inntekt som altså er meirverdien (500m) i avdeling II bli brukt til å kjøpe forbruksmiddel til ein verdi av til saman 1000 i eiga avdeling II. Av totalproduktet forsvinner då ein verdi på 1000 av forbruksvarer

For det andre må arbeidarane si løn (1000v) og kapitalistane si inntekt som er meirverdien i avdeling I (1000m), til saman 2000, bli brukt til innkjøp av forbruksvarer frå avdeling II. Dei må altså bytast mot det som står att av desse produkta som har ein verdi som er lik med avdelinga sin konstante kapital, 2000c. Til gjengjeld får avdeling II produksjonsmiddel til ein verdi av 1000v+1000m, som er produsert i avdeling I dermed forsvinn 2000 c ut or avdeling II, mens 1000v og 1000m forsvinn ut or avdeling I.

For det tredje er det slik at når vi har trekt verdien 2000 frå 6000 så står det att ein verdi på 4000c i avdeling II. Denne kapitalen består berre av produksjonsmiddel som berre kan blir brukt i avdeling I. Den erstattar de forbrukte konstante kapitalen gjennom gjensidig bytte mellom dei forskjellige kapitalistane i avdeling I, nett som forbruket av 500v og 500m i avdeling II blir formidla gjennom gjensidig bytte mellom arbeidarane og kapitalistane i avdeling II seg imellom. Så føyer Marx til at han skriv dette for at det skal bli lettare å forstå det som no kjem.

Når dette er avklart kan Marx gå vidare til neste trinn i kapittel 20.3.

### III. Omsetnaden mellom begge avdelingane

Han begynner med det store varebytet mellom dei to avdelingane. Verdien  $1000v + 1000m$  i avdeling I (produksjon av produksjonsmiddel) har (sjølvsagt) form av produksjonsmiddel. Og desse blir bytta mot forbruksmiddel frå avdeling II (produksjons av forbruksmiddel) til ein verdi av 2000 som svarar til verdien av den forbrukte konstante kapitalen her. Med dette har kapitalistane i avdeling II brukt verdien av 2000 i forbruksmiddel for å bytte til seg verdien av 2000 i produksjonsmiddel. Dei har forvandla 2000 i forbruksvarer til 2000 i produksjonsmiddel, som Marx seier. Og desse kan fungere som faktorar i arbeidsprosessen som konstant kapital i den verdiaukande prosessen. På den andre sida er dermed dei  $1000v$  og dei  $1000m$  frå avdeling I (som motsvarar arbeidslønene og meirverdien same år) blitt forvandla til forbruksvarer. Desse siste verdiane finnast ikkje lenger som produksjonsmiddel, men har tatt ei slik materiell form at dei forbrukast som reveny (inntekt som blir brukt til uproduktivt forbruk og ikkje investert i produksjonsmiddel). Det tyder at dei går ut av den kapitalistiske produksjonen når dei blir kjøpt, og så blir dei forbrukt og er vekk.

Men no er det slik at pengesirkulasjonen er eit vilkår for denne gjensidige vareomsettinga. Og pengane både formidlar og forvanskar forståinga av han. Dei er avgjerande for at vareomsettinga kan gå føre seg fordi den variable kapitalen heile tida må ta form av pengar eller pengekapital som så blir forvandla til arbeidskraft. Når dei transaksjonane vi viste i førre avsnitt blir formidla av pengar så ser vi at kapitalistane i avdeling I betalte 1000 «pengar» til arbeidarane sine for arbeidskrafta deira. Så kjøper arbeidarane forbruksvarer frå avdeling II for same summen. Det tyder at kapitalistane i avdeling II får 1000 «pengar», altså er halvparten av deira konstante kapital omdanna til pengar.

Så kjøper kapitalisten i avdeling II produksjonsmiddel frå avdeling I for desse 1000 «pengane». Med det har kapitalistane i avdeling I fått forvandla til pengeform den variable kapitalen på 1000 som altså fanst som ein del av produktet deira i form av produksjonsmiddel. Då kan desse pengane på nytt fungere som variabel kapital og bli omsett til arbeidskraft, dvs. til det viktigaste elementet i den produktive kapitalen.

Det som står igjen no er formidling av bytte av meirverdidelen av varekapitalen i avdeling I (1000m) mot den andre halvdelen av den konstante kapitaldelen i avdeling II ( $2000c - 1000c = 1000c$ ). Pengar for å formidle bytet av desse kan bli skaffa på forskjellige måtar. I røynda omfattar denne sirkulasjonen ei mengd transaksjonar til forskjellige tidspunkt. Marx viser med konkrete eksempel korleis transaksjonar mellom dei to avdelingane og mellom arbeidarar og kapitalistar fører til at den satsa kapitalen vender tilbake til dei kapitalistane som satsa han i pengeform, samstundes som produksjonsmiddel og forbruksmiddel blir fordelt mellom klassane slik at tilhøvet mellom dei blir halde oppe. Og så kan han konkludere med at ved enkel reproduksjon må verdisummen  $v+m$  av varekapitalen i avdeling I, være lik den delen av det totale vareproduktet i avdeling II som utgjerast av den konstante kapitalen. Altså må  $(v+m)$  i avdeling I vere lik  $c$  i avdeling II. I vårt eksempel  $1000v + 1000m$  i avdeling I =  $2000c$  i avdeling II.

Deretter tar Marx for seg neste problem i kapittel 20.4.

#### IV. Omsettinga innan avdeling II – naudsynte eksistensmiddel og luksusartiklar

Han undersøker no vidare vareproduksjonens verdi i avdeling II, produksjonen av forbruksmiddel. Det dreier seg om delane vare ( $v$ ) + meirverdi ( $m$ ). Først seier han at det vi no skal inn på ikkje har noko å gjere med det viktigaste spørsmålet her, nemleg kor langt verdiens oppdeling for kvart enkelt vareprodukt i konstant kapital ( $c$ ) + variabelt kapital ( $v$ ) + meirverdi ( $m$ ), slik det er formidla gjennom dei ulike formene dei trer fram i, også gjelder for verdien av det årlege totalproduktet. Det problemet blir løyst, på den eine sida, gjennom omsettinga av  $(v+m)$  i avdeling I mot  $c$  i avdeling II, og på andre sida, gjennom ei seinare undersøking av reproduksjon av den konstante kapitalen i avdeling I gjennom denne avdelinga sitt eige årlege vareprodukt.

Men no skal vi sjå på eit anna problem om som oppstår i samband med at variable kapitalen vender tilbake til utgangspunktet sitt. Årsproduktet i avdeling II (produksjon av forbruksvarer), som omfattar dei mest forskjellige varegreiner, kan vi dele opp i to store hovudgrupper.

- Forbruksvarer som går inn i arbeidarklassen sitt forbruk som naudsynte eksistensmiddel og som og utgjer ein del av kapitalistklassen sitt forbruk. Alt dette kan vi kalle naudsynte forbruksvarer. Det er likegyldig om varene er naudsynte reint fysiologisk. Det er nok at dei er det ut frå vane, som til dømes tobakk.
- Luksusartiklar som berre går til kapitalistklassen sitt forbruk og som ikkje går til arbeidarklassen og derfor berre kan bli omsett mot meirverdi.

Her er det slik at kapitalistklassen i avdeling IIa som produserer naudsynte forbruksmiddel, får tilbake dei pengane som dei har betalt ut i arbeidsløner når arbeidarane kjøper desse forbruksmidla.

Men med underavdeling II b er det heilt annleis. Heile verdiproduktet ( $v+m$ ) består her av luksusartiklar som arbeidarklassen har liten moglegheit til å kjøpe. Salet av desse varene må ta omvegar for at pengane skal komme tilbake til den delen av kapitalistklassen som har sørga for å få dei produsert. Etter det bereknar Marx nøyne, gjennom ei rekke reknestykke, korleis problemet blir løyst og kjem fram til ein konklusjon. Eg gjennomgår ikkje reknestykkja, men trekk fram løysinga som Marx presenterer i to punkt.

- 1) Det nye verdiproduktet som avdeling I (produksjonsmiddel) har skapt i eit år (og som kan delast i  $v+m$ ) har same verdi om den konstante kapitalen som avdeling II (forbruksmiddel) har forbrukt og som har blitt overført til dei produserte forbruksvarene.
- 2) Den lønna som blir utbetalt til dei arbeidarane som produserer luksusartiklar, kan berre bli brukt til innkjøp av ein del av den mengda med naudsynte eksistensmiddel, som frå dei kapitalistiske produsentane sin side representerer meirverdien. Den arbeidslønna som blir utbetalt i luksusproduksjonen, har ein verdi som motsvarer ein del av den meirverdien som blir skapt under produksjonen av naudsynte eksistensmiddel og må vere mindre enn den totale meirverdien som blir skapt i denne produksjonen, altså mindre enn meirverdien ( $m$ ) i avdeling IIa (naudsynte forbruksvarer).

Den variable kapitalen, som dei kapitalistiske produsentane har betalt ut i arbeidslønner, kan vende tilbake i pengeform berre under føresetnad av at denne arbeidslønna blir brukt til kjøp av naudsynte eksistensmiddel, som representerer meirverdi som er skapt i avdeling IIa. På same måte blir dei verdiane som representerer arbeidsløn og meirverdi i avdeling I bytta mot produkt frå avdeling II der desse verdiane seinare fungerer som konstant kapital frå IIb mot ein motsvarande meirverdi frå IIa. Desse tilhøva skapar norm ved kvar fordeling av det årlege produktet i en grad det verkeleg går inn i reproduksjonen som sirkulasjonen formidlar.

Variabelt kapital og meirverdi frå avdeling I kan berre bli bytta mot konstant kapital frå avdeling II og berre på denne måten kan denne variable kapitalen på nytt få pengeform.

Etter dette går Marx enda ein gong inn på kva uriktige resultat Adam Smith kjem fram til også når det gjeld desse forholda. Han seier til eksempel at variabel kapital og meirverdi frå avdeling I blir oppløyst i konstant kapital frå avdeling II, mens det omvendt er slik at konstant kapital frå avdeling II blir oppløyst i ( $v+m$ ) i avdeling I. Men han uttrykker, i følgje Marx, også saken endå meir banalt, at variabel kapital og meirverdi frå avdeling I er delar av prisen på den konstante kapitalen i avdeling II, mens dette på andre sida dannar heile verdien av variabel kapital og meirverdi i avdeling I - så kan og må vi seie at den variable kapitalen frå IIb blir oppløyst i meirverdi frå IIa, eller at meirverdi frå IIa blir oppløyst i variabel kapital frå IIb, eller at den variable kapitalen frå IIb er ein del av meirverdien i IIa og omvendt. Her blir då meirverdien løyst opp i arbeidsløn og variabel kapital og den variable kapitalen blir ein «del» av meirverdien. Dette overflatiske synspunktet finn vi verkeleg hos Adam Smith når han bestemmer arbeidslønna gjennom verdien av naudsynte eksistensmiddel og så gjer verdien av desse avhengig av den arbeidslønna og den meirverdien som dei inneholder. Han er så fascinert av at arbeidsdagens verdiprodukt på kapitalistisk grunnlag kan bli oppløyst i variabel kapital og meirverdi at han heilt gløymer at det ved enkelt varebyte er heil likegyldig om vareverdien består av betalt eller ubetalt arbeid, fordi produksjonen i begge tilfelle har kosta same arbeidsmengd og at det også er likegyldig om den eine varen er eit produksjonsmiddel og den andre ein forbruksvare eller om den eine varen etter salet fungerer som kapital, mens den andre varen går inn i forbruksfondet og blir forbrukt som reveny.

Ei følgje av dette er at forvandlinga av gruppe b sin variable kapital til pengekapital som på nytt kan fungere som den variable kapitalens pengeform har som føresetnad at kapitalistklassen bruker ein stor del av sin meirverdi til innkjøp av luksusartiklar. Dermed blir også tilgangen på eksistensmiddel for arbeidarane i IIb og deira eksistens og reproduksjon avhengig av kapitalistane sitt luksusforbruk. Ved kriser minskar luksusforbruket ofte mykje og då forvollar det krisen. Her understrekar også Marx at det er ein rein tautologi å påstå at krisene kjem av mangel på forbruk eller kjøpekraftige forbrukarar.

Og til slutt i avsnittet understrekar han at dei analysane som er gjort er under visse abstraksjonar og det det i det verkelege livet finns mange forhold som gjer saka meir komplisert utan å rokke ved det vesentlege.

#### V.Korleis vareomsettinga blir formidla av pengesirkulasjonen

I kapittel 20.5. viser Marx at det er slik at kapitalistane er utgangspunktet for formidlinga av vareomsettinga gjennom pengesirkulasjonen. Det er dei som satsar pengane til å begynne med og det er til dei pengane må vende tilbake for at heile den kapitalistiske produksjonsprosessen skal kunne fortsette. Det Marx gjer i dette avsnittet er å vise dei forskjellige måtane dette kan skje på og at det absolutt er mogleg å få det til. Det gjer han ved hjelp av fleire reknestykke som eg ikkje går gjennom her. Skal du følgje dei er det bra å gjere det sjølv på papir eller andre måtar som viser konkret kva som skjer mellom alle avdelingane. Men i alle høve må alle verdidelane av produktet i ein periode ta pengeform for at dette skal skje.

I første del av avsnittet seier Marx og at arbeidarklassen sine løner, den delen av pengekapitalen som blir forvandla til variabel kapital, spelar ei hovudrolle i sirkulasjonen fordi det tar så kort tid frå han blir betalt til han blir brukt. Jo kortare tid det tar, desto raskare får kapitalistane tilbake mykje av dei pengane dei har satsa og desto mindre blir det pengebeløpet som ein treng brukte i sirkulasjonen.

I dag er det bankane som sitt på arbeidarane sine løner til dei brukar dei. Det tyder at dei ikkje er i lommene til arbeidarane og kan brukast på dei visa som det passar bankane.

Elles viser han at den pengesirkulasjonen som går frå kapitalistane i avdeling I og II og tilbake gjennom salet av varene mellom avdelingar og underavdelingar av kapitalane, blir kamuflert av handelskapitalen der den første forma er pengar fordi dei ikkje framstiller noko «produkt» eller «vare», og av pengekapitalen som er utsett for manipulasjonar frå eit spesielt slag av kapitalistar i industrikapitalens sirkulasjonsprosess. Dessutan blir han kamuflert av at meirverdien blir delt mellom ulike kategoriar av kapitalistar ved sidan av industrikapitalistane sjølv, som pengekapitalistar, jordeigarar, pengeutlånarar og andre samt regjeringa med tenestemenn og rentenistar osb. Alle desse opptrer som kjøparar i forhold til industrikapitalistane og realiserer på den måten hans varer gjennom å plassere sine «pengar» i sirkulasjonen. Men då gløymer dei alltid frå kva kjelde dei henta pengane i første hand og stadig hentar dei.

#### VI.Den konstante kapitalen i avdeling I

Dette spørsmålet tar Marx opp i kapittel 20.6. La oss ta utgangspunkt i det reknestykket som Marx laga då han begynte dette kapittelet.

I.      Produksjon av produksjonsmiddel:

$$\text{Kapital} \dots\dots\dots 4000c + 1000v = 5000$$

$$\text{Vareprodukt} \dots 4000c + 1000v + 1000m = 6000 \text{ (i form av produksjonsmiddel)}$$

II.     Produksjon av forbruksvarer:

$$\text{Kapital} \dots\dots\dots 2000c + 500v = 2500$$

$$\text{Vareprodukt} \dots 2000c + 500v + 500m = 3000 \text{ (i form av forbruksmiddel):}$$

Det årlege vareproduktet blir:

- I.  $4000c + 1000v + 1000m = 6000$  produksjonsmiddel
- II.  $2000c + 500v + 500m = 3000$  forbruksvarer

Totalverdien er 9000.

Han har no undersøkt alle utvekslingar mellom dei forskjellige delane av økonomien med unntak av dei første 4000c eller konstant kapital i avdeling I. Det tar han opp no. Desse 4000 er lik med verdien av slitasjen av den konstante kapitalen under produksjonsprosessen. Denne verdien har gått inn i dei produserte varene i avdeling I, dvs. inn i dei produksjonsmidla som er produsert her. Denne verdien er ikkje nyskapt, men låg i dei produksjonsmidla som er brukt under produksjonen. Dette motsvarer no verdien av heile den varemengda som ikkje alt er seld til avdeling II og utgjer 2/3 av verdien av heile årsproduksjonen viss du ser på linje to under avdeling I ovanfor. Heile vareproduktet er 6000 og 4000 er 2/3 av dette.

No er situasjonen den at avdeling I ikkje kan få tilbake verdien av dei produksjonsmidla som er produsert der gjennom noko utbyte mot avdeling II. Det som kan bytast mellom avdelingane er alt gjort. Problemet blir løyst ved at det blir eit byte mellom dei ymse kapitalistane i avdeling I slik at dei forskjellige delane av avdelinga får tilbake det dei treng for å kunne investere i produksjonsmiddel som erstattar det som er oppbrukt. Dette kjem av at alt er konstant kapital. Når dei produkta som utgjer den konstante kapitalen produsert i avdeling I ikkje kan brukast i det føretaket eller den bransjen som har produsert dei, så byter dei i standen plass med produksjonsmiddel frå andre industrigreiner, seier Marx. Denne argumentasjonen blir framført som ei samanlikning med det som skjer med fordelinga av meirverdien i avdeling II, men det har vi alt lese om, så den samanlikninga tar ikkje eg med her.

## VII. Variabel kapital og meirverdien i begge avdelingane

I kapittel 20.7. tar Marx opp denne problemstillinga. Han begynner med å sei at totalverdien av ei forbrukswaren som blir produsert kvart år er lik den variable kapitalen som blir reproduksert og den meirverdien som blir produsert i begge avdelingane til saman, eller med andre ord lik den nye verdien som blir produsert i løpet av året. Med enkel reproduksjon er heile verdien av dei forbrukswaren som blir produsert i eit år lik det årlege verdiproduktet eller med den verdien som det samfunnsmessige arbeidet skaper i året – og det må vere lik dette fordi heile verdien blir forbrukt under enkel reproduksjon.

I det eksempelet som Marx bruker er den samfunnsmessige arbeidstida lik 1500v nødvendig arbeid og 1500m meirverdi og summen på 3000 er lik verdien av dei forbrukswaren som blir produsert i året, dvs. 3000. Men desse verdiane er ikkje produsert i avdeling II aleine. Viss vi ser på eksempelet vårt så ser vi at verdien av den forbrukte konstante kapitalen i avdeling II (2000c) er lik den nye verdien som er produsert i avdeling I ( $1000v+1000m$ ) og derfor kan avdeling I kjøpe den delen av avdeling II sine produkt som motsvarer den konstante kapitalen sett frå produsentane sitt synspunkt. Det er dette om er årsaka til at sjølv om verdien av produkta i avdeling II blir oppløyst i  $c+v+m$  ut frå kapitalistane sitt synspunkt, så blir det ut frå eit samfunnsmessig synspunkt delt opp i  $v+m$ . Dette hender berre når II c her = I ( $v+m$ ), samstundes som desse to delane av det samfunnsmessige produktet blir bytta mot kvarandre, slik at II c etter omsettinga har tatt forma produksjonsmiddel att, mens I ( $v+m$ ) derimot finnast i form av forbruksvarer.

Dette er grunnlaget for at Adam Smith påstår at årsproduktet blir oppløyst i  $v+m$ . Men dette gjelder for det første berre for den delen av årsproduktet som består av forbruksvarer. Og for det andre betyr det ikkje at heile denne verdien blir produsert i avdeling II og at produktverdien her er lik den

satsa variable kapitalen pluss meirverdien i avdeling II. Det gjelder berre i den meiningsa at II ( $c+v+m$ ) = II ( $v+m$ ) + I ( $v+m$ ), eller som Marx seier, kort og godt at  $IIC = I (v+m)$ .

Etter å ha gått grundigare inn på dette konkluderer Marx at det finnast ei forklåring på at det gátefulle forholdet at heile årets samfunnsmessige verdiprodukt kan oppløysast i variabel kapitalverdi og meirverdi til tross for at 2/3 av årsarbeidet ikkje er blitt brukt til produksjon av produkt som er av ein slik art at dei kan realisere variabel kapital og meirverdi, men til produksjon av produksjonsmiddel som erstattar den konstante kapitalen som blir forbrukt i løpet av året. Forklaringa er heilt enkelt at 2/3 produktverdien i avdeling II, som kapitalistane og arbeidarane frå avdeling I realiserer arbeidslønn og meirverdi i, som verdiprodukt er resultat av 2/3 samfunnsmessig arbeid som var blitt utført i tidlegare år.

Viss vi ser på den årlege summen av det samfunnsmessige produktet i begge avdelingane, avdeling I = produksjons av produksjonsmiddel og avdeling II = produksjon av forbruksmiddel, så er det slik at det som bruksverdi er resultat av siste års arbeid, men berre når vi ser på det som nyttig og konkret arbeid. Men slik er det ikkje om vi ser på det abstrakt, som forbruk av arbeidskraft, som verdiskapande arbeid. Dette også berre i den meiningsa at det er det levande arbeidet som er blitt tilført produksjonsmiddel og har omdanna dei til nye produkt, til dette årets produksjon. På den andre sida hadde ikkje dette arbeidet vore i stand til å framstille produkta utan arbeidsmiddel og råmateriale, utan produksjonsmiddel som fanst tilgjengeleg uavhengig av sjølvé årsarbeidet. Desse produksjonsmidla er resultat av tidlegare års arbeid, derfor er det ikkje ny verdi som blir tilført dei varene som blir produsert. Det er berre gammal verdi frå i fjar og tidlegare år som ligg i dei produksjonsmidla som blir brukt og som blir overført til dei varene som blir produsert. For at dette skal kunne skje må det finnast ei utveksling mellom dei to avdelingane.

### VIII. Den konstante kapitalen i begge avdelingane

I kapittel 20.8. begynner han med å sei at analysen av den samla produktverdien på 9000 og dei kategoriane vi finn her, er identisk med analysen av kvar enkelt kapital. Heile årsproduksjonen sin verdi er lik verdien av tre samfunnsmessige arbeidsår. Dette er slik fordi det kvart arbeidsår blir skapt ny verdi for 1000v og 1000m i avdeling I og 500v og 500m i avdeling II, til saman 3000, mens verdien av heile årsproduksjonen altså er 9000. Det kjem av at også gammal verdi frå den forbrukte konstante kapitalen går inn i verdien av årsproduktet, og dette er 4000c i avdeling I og 2000c i avdeling II, og  $1500v+1500m + 4000c + 2000c = 9000$ . Dette tyder altså at det i avdeling I er brukt  $4/3$  årsarbeid ( $4000c/(3000) =$  verdien av årsproduktet) og i avdeling II  $2/3$  årsarbeid ( $2000c/(3000)$ ). Til saman er det to års samfunnsmessig arbeid, med ein samla verdiproduksjon på 6000 som svarar til summen av heile den delen av verdien av årets produkt som kjem frå produksjonsmidla (4000c frå avdeling I og 2000c frå avdeling II). Viss vi ser på den nye verdien som er skapt gjennom årets arbeid så er  $1/3$  nødvendig arbeid i avdeling I ( $1000/3000$ ), dvs. 1000v som erstattar den variable kapitalen på 1000v og dekker arbeidslønna i avdeling I. I avdeling II er  $1/6$  nødvending arbeid med ein verdi på 500v. Til saman får vi 1000v i avdeling I og 500v i avdeling II, til saman 1500v slik at halvparten av årsarbeidet på 3000 erstattar verdien av den utbetalte arbeidslønna på 1500.

Ut frå dette kan vi sjå at den konstante delen av den samfunnsmessige produktverdien (c) svarar til 2 samfunnsmessige arbeidsår. Verdien av denne er 6000.

Den nødvendige arbeidstida er brukt opp i arbeidsåret (v) svarar til eit halvt samfunnsmessig arbeidsår og verdiuttrykket er 1500.

I året er det utført meirarbeid (m) som svarer til eit halvt samfunnsmessig arbeidsår og verdiuttrykket er 1500.

Denne analysen av sjølve den samfunnsmessige produktverdien er ikkje vanskeleg. Vansken oppstår først når vi samanliknar *verdidelane* i det samfunnsmessige produktet med dei *materielle* delane som verdidelane finnast i.

Den konstante verdien som blir fornøya under produksjonen er lik med verdien av den delen av produkta som består av *produksjonsmiddel* og er materialisert i denne delen.

Det nye verdiproduktet i løpet av året, som er lik  $v+m$ , er lik med verdien av den del av produkta som består av *forbruksvarer* og er materialisert i dei.

Men produksjonsmiddel og forbruksvarer er heilt ulike vareslag. Det arbeidet som bruker maskiner til produksjons av livsmiddel er annleis enn det arbeidet som får fram maskinene. Det ser ut som heile årets arbeid, med verdiuttrykk 3000 er utført i produksjonen av forbruksvarer til ein verdi av 3000 der det ikkje finnast nokon konstant verdi ettersom disse 3000 er det same som  $1500v+1500m$  og altså oppløyser seg i berre variabel kapital pluss meirverdi.

På den andre sida opptrer den konstante kapitalen på ny i eit slags produkt som er heilt annleis enn forbruksvarene, nemleg i produksjonsmiddel, mens det samstundes ser ut som om ingen del av det samfunnsmessige arbeidet har blitt brukt til produksjon av desse nye produkt. Det ser tvert imot ut som om heile årets arbeid går med til å lage forbruksvarer, ikkje produksjonsmiddel.

Men problemet er allereie løyst, for årets verdiprodukt er det same som verdien av produktet i avdeling II, eller heile verdien av dei nye forbruksvarene som er produsert. Men denne produktverdien er  $2/3$  større enn det årsarbeidet som er brukt i avdeling II, som lagar forbruksvarer. Det verdiproduktet som i løpet av året blir framstilt i avdeling I er lik summen av den variable kapitalverdien pluss meirverdien i denne avdelinga og lik med en konstante kapitalverdien som blir brukt i avdeling II når det her blir produsert forbruksvarer og som nå finnast att i verdien til desse forbruksvarene. Derfor kan dei også bytast gjensidig mot kvarandre og materielt erstatte kvarandre.

Den totale verdien av forbruksvarene i avdeling II er derfor lik summen av det nye verdiproduktet i begge avdelingane, eller  $II(c+v+m) = I(v+m) + II(v+m)$ , den er altså lik med summen av den nye verdien som er blitt skapt i løpet av året i form av variabel kapital og meirverdi.

På den andre sida er totalverdien av dei produserte produksjonsmidla i avdeling I lik summen av den forbrukte konstante kapitalverdien som vi finn att som delar av verdien av produksjonsmidla og i avdeling II som delar av forbruksvarene sin verdi, altså lik den samla konstante kapitalverdien som blir overført til samfunnets årsprodukt. Denne totalverdien er lik  $4/3$  av eit arbeidsår som er brukt tidlegare, før produksjonsprosessen i dette året i avdeling I,  $2/3$  arbeidsår som er brukt før produksjonsprosessen i dette året i avdeling II, altså til saman 2 samfunnsmessige arbeidsår.

Når det gjeld den samfunnsmessige årsproduksjonen kjem vansken av at den konstante verdidelen trer fram som produksjonsmiddel, som produkt av eit heilt anna slag enn den nye verdien ( $v+m$ ) som blir tilført denne konstante kapitalen og som trer fram som forbruksmiddel. Det kan då sjå ut som om  $2/3$  av verdien av dei oppbrukte produkta oppstår i ei nye form som eit nytt produkt, utan å forbruke noko arbeid frå samfunnet si side.

Når vi ser på kvar kapital for seg så får vi ikkje dette inntrykket. Kvar individuell kapitalist bruker ein bestemd, konkret type arbeid som forvandler sine spesielle produksjonsmiddel til produkt. Marx gir eit eksempel. Ein kapitalist produserer maskiner. I løpet at året forbruker han konstant kapital =  $6000c$ , variabel kapital =  $1500v$  og bring fram ein meirverdi =  $1500m$ . Heile produktet sin verdi er  $9000$ . Vi antar at produktet består av 18 maskiner som kvar har ein verdi på  $500$ . Då vil produktverdien bestå av  $6000c$ , som altså er lik verdien av 12 maskiner pluss  $1500v$ , som er 3

maskiner og 1500m som også er 3 maskiner. Altså må fabrikanten selje 12 maskiner for å erstatte den forbrukte konstante kapitalen, 3 maskiner for å få tilbake nok variabel kapital til å kunne kjøpe arbeidskraft att og dei tre siste maskinane for å skaffe seg meirverdi.

Dette er greitt å forstå. Men vi kunne ikkje forstå det om arbeidarane som berre produserte maskiner berre hadde produsert  $1500v + 1500m$ , altså verdien av si eiga arbeidskraft pluss meirverdien og så den konstante kapitalen i same form som då han gjekk inn i produksjonen, altså råvarer og dei materiala som skal til for å erstatte slitasjen på maskinane, som Marx seier: jern, koppar, skruar, reimer osb, til en verdi av  $6000c$ , som då svarar til den forbrukte konstante kapitalen. Viss dette skulle skje måtte den konstante kapitalen altså oppstå i den opphavlege forma si i staden for å bli erstatta gjennom sirkulasjonsprosessen. Likevel kan vi ved første blikk få inntrykk av at reproduksjonen av den samfunnsmessige årsproduksjonen går føre seg på denne måten.

Når det gjeld den individuelle kapitalen ser vi lettare at det er likegyldig kva materiell form produktet hans har viss det berre har ei form som gjer at det kan bli omsett i marknaden. Om det skjer så kjem verdien av den forbrukte konstante kapitalen tilbake til den kapitalisten som satsa det i form av pengar.

Men når det gjeld produktet av den samfunnsmessige totalkapitalen er det ein forskjell. For her må alle dei materielle faktorane i produksjonsprosessen vere til stades som delar av det samla produktet. Når det er slik at berre avdeling I sine maskiner blir brukt til å produsere produksjonsmiddel, mens maskinane i avdeling II berre blir brukt til å produsere forbruksmiddel, så må det skje ei utveksling mellom desse avdelingane som gjer at heile verdien av den konstante kapitalen i avdeling I blir erstatta gjennom pengesirkulasjonen og sørger for at både avdeling I og avdeling II får erstatta den forbrukte konstante kapitalen.

Min kommentar er at Marx sitt poeng her er at vi kan berre forstå dette om vi har analysert varen og sett at han er både bruksverdi med sin materielle form og bytteverdi som er eit uttrykk for verdien av den arbeidskrafa som har blir brukt i produksjonen. Derfor er denne analysen plassert heilt fremst i Kapitalens første bind. Når ikkje denne analysen er gjort, så fell vi lett i den fallgruva å blande skilnaden mellom konstant og variabel kapital med skilnaden mellom fast og flytande kapital, slik Adam Smith gjorde og som David Ricardo og andre følgde opp. Marx kjem tilbake til dette i kapittel 20.9. som vi nå skal samanfatte.

## IX.Tilbakeblikk på Adam Smith, Storch og Ramsay

Her seier Marx at Adam Smith laga den forunderlege tesen, som seinare blei allment godtatt, ikkje berre i den forma vi har snakka om her, at heile den samfunnsmessige produktverdien løyser seg opp i reveny, altså at arbeidsløn og meirverdi, (eller slik han uttrykk det: i arbeidsløn, profitt og grunnrente), men også i den meir populære forma at forbrukarane til slutt må betale produsentane heile produksjonsverdien. Marx seier så at dette enno på hans tid var den banaliteten som var mest godtatt i den såkalla politisk økonomiske vitskapen.

Så seier Marx at dette berre er rett for avdeling II, produksjon av forbruksmiddel, med verdien av den delen av det samfunnsmessige produktet som inngår forbruksfondet, altså med den delen av den samfunnsmessige produktverdien som kan gis ut som reveny. Her er det slik at verdien av alle varer som blir produsert er lik med verdien av dei forbrukte produksjonsmidla (konstante kapitaldelar) pluss den verdien arbeidet i den siste produksjonsprosessen har skapt (variabel kapital + meirverdi). Kvar vare sin verdi består av  $c+v+m$  og forbrukarane kan saman betale heile denne verdisummen fordi den samla verdien som går inn i forbruksfondet ikkje kan vere over den delen av den samfunnsmessige produktverdien som motsvarer arbeidsløn og meirverdi ( $m+v$ ), eller den verdien

som arbeidet i løpet av året har tilført dei eksisterande produksjonsmidla – tilført den konstante kapitalverdien.

Det er alt påvist at den konstante kapitaldelen blir erstatta på to måtar gjennom den samfunnsmessige produksjonen. For det første gjennom byte mellom kapitalistane i avdeling II som produserer forbruksvarer og kapitalistane i avdeling I som produserer produksjonsmiddel for avdeling II. Ut frå det eksempelet som Marx har brukt, så er det slik at dei 2000 i forbrukt konstant kapital II (dvs. IIc), har tatt form av forbruksmiddel, men dei er likevel konstant kapitalverdi for kapitalistane i denne avdelinga. Sjølv om produksjonen ligg føre i form av forbruksmiddel som må forbrukast individuelt, så kan ikkje kapitalistane i avdeling II sjølv forbruke dei. På den andre sida har ein lik verdisum på 2000 (v+m) blitt brukt som arbeidsløn og meirverdi av både kapitalistklassen og arbeidarklassen i avdeling I. Desse verdiene finnast som produksjonsmiddel, ting som på grunn av arten sin ikkje kan bli forbrukt individuelt. Her har vi ein verdisum på 4000 og halvparten av den erstattar berre konstant kapital og halvparten dannar reveny. I tillegg til dette blir den konstante kapitalen i avdeling I erstatta ved hjelp av ting ved byte mellom kapitalistane i avdeling I seg i mellom og dels gjennom slik erstatning innan kvart føretak.

Den oppfatninga at den årlege produktverdien til slutt må bli betalt av forbrukarane, er altså sant berre om vi tenkjer oss to heilt ulike slags forbrukarar, nemleg både individuelle og produktive. Men at ein del av produktet blir brukt opp produktivt, betyr i røynda ikkje noko anna enn at den må fungere som kapital og ikkje kan bli forbrukt som reveny. Det Marx seier her er at det materielle vilkåret for at kapitalen kan fungere som kapital blir borte dersom vi held oss til Adam Smith si oppfatning og alle som har følgt han.

Dersom vi i Marx' eksempel ser på det samla produktet  $9000 = 6000c + 1500v + 1500m$  og ser på både arbeidslønn og meirverdi, 3000 (v+m) berre som reveny, så ser det på den andre sida ut som den variable kapitalen forsvinn, mens kapitalen ut frå samfunnet sitt synspunkt berre består av konstant kapital. Det som først trådde fram som variabel kapital ( $1500v$ ), har blitt ein del av samfunnet sin reveny; der er blitt arbeidslønn, dvs. arbeidarklassen sin reveny og dermed har det slutta å vere kapital. Ramsey drar denne slutninga. Han meiner at den samfunnsmessige kapitalen berre består av fast kapital, men med det meiner han all konstant kapital, heile verdien som har form av produksjonsmiddel, anten det er arbeidsmiddel, råmateriale eller slikt materiale som er hjelphemiddel for framstillinga. Den variable kapitalen kallar han sirkulerande kapital. Marx fortsett så i kapittel 20.X. å undersøke kapital og reveny.

## X.Kapital og reveny: Variabel kapital og arbeidslønn

Marx begynner her med å understreke at verdien av produktet av det nyttige arbeidet som er gjort i løpet av eit år, er større enn verdiproduktet av dette same arbeidet, større enn den nyskapte verdien som har gått inn i dei produserte varene. I tillegg til denne nyskapte verdidelen har vi nemleg ein verdidel til som er skapt av tidlegare arbeid og som ligg i den konstante kapitalen som er brukt i produksjonen utan å gå heilt inn i han, idet berre verdien av den forbrukte faste, konstante kapitalen, dvs. slitasjen, blir ført over på dei nyproduserte varene og får ein ny tingleg form.

Så går han enno ein gong tilbake til eksempelet sitt

- I. Produksjon av produksjonsmiddel:  
Kapital..... $4000c + 1000v = 5000$   
Vareprodukt.. $4000c + 1000v + 1000m$  ( $1000v + 1000m = 2000$  er realisert i forbruksmiddel frå avdeling IIc)=  $6000$  (i form av produksjonsmiddel)
- II. Produksjon av forbruksvarer:

Kapital.....2000c (reprodusert gjennom omsetning med v +m frå avdeling I)+  
 $500v+500m = 3000$   
 Vareprodukt.. $2000c + 500v + 500m = 3000$  (i form av forbruksmiddel)

Det samla verdisummen blir  $6000+3000=9000$ .

Den nyproduserte verdien finn vi i v og m i begge avdelingane. All annan verdi i avdelingane er ikkje skapt under året, men er verdi som er ført over frå tidlegare produksjon, det er verdien av slitasjen av dei produksjonsmiddel som er produsert tidlegare. Men det er ikkje produsert nokon annan ny verdi enn dei 3000 i løpet av året. No har vi allereie sett at verdien 2000 (m+v) i avdeling I erstattar verdien 2000c i avdeling II i naturforma produksjonsmiddel. Det tyder at 2/3 av årsarbeidet som er brukt i avdeling I på ny har produsert den konstante kapitalen i avdeling II, og altså heile verdien av han pluss naturforma hans. Det tyder altså at størstedelen av det utførte samfunnsmessige arbeidet er brukt til å produsere ny konstant kapital (kapitalverdi som eksisterer i produksjonsmiddel) som erstattar den konstante kapitalverdien som er forbrukt (i avdeling II).

Det som skil det kapitalistiske samfunnet frå dei ville er for det første at vi i det kapitalistiske samfunnet bruker mykje meir tid på å produserer produksjonsmiddel, altså konstant kapital som korkje som arbeidsløn eller meirverdi kan løyse seg opp i reveny, men berre kan fungere som kapital. For det andre gjer den ville den synda å bruke alt for mykje tid på å lage sine verktøy, sjølv om han eller ho godt veit at dei då ikkje lagar forbruksmiddel.

Den vanlege førestillinga som økonomane bruker for å komme seg ut av vanskane med å forstå at det som for den eine er kapital er reveny for den andre, er delvis riktig og blir heilt feil når han blir framstilt allment. Då inneholder han ei total misforståing av heile omsetnadsprosessen om går føre seg i den årlege reproduksjonen og dermed også ei misforståing av det eigentlege grunnlaget for det delvis riktige.

Så samanfattar Marx dei verkelege forholda som den delvis riktige framstillinga kviler på og seier at gjennom det vil også den feile oppfatninga komme fram.

Som det første punktet seier Marx at den variable kapitalen fungerer som kapital i handa til kapitalistane og fungerer som reveny i handa til lønnsarbeidarane. Først finns den variable kapitalen som pengekapital som kapitalisten bruker til å kjøpe arbeidskraft for. Så lenge han er pengekapital er det ein fast storleik og ikkje variabel kapital, berre potensielt variabel kapital, fordi han kan bli omsett i arbeidskraft. Verkeleg variabel kapital blir han berre når han er blitt brukt til å kjøpe arbeidskraft for (som lønn til arbeidarane) og når denne arbeidskrafta er blitt ein del av den produktive kapitalen som fungerer i den kapitalistiske produksjonsprosessen.

*Pengane* som først fungerte for kapitalisten som den variable kapitalen si pengeform fungerer no i arbeidaren si hand som pengeforma for arbeidslønna hans som han omsett i livnadsmedel; altså som *revenyen* sin pengeform som han får av stadig å selje arbeidskrafta si. Det er *pengane* til kjøparen, her kapitalisten som går over i handa til seljaren av arbeidskraft. Det er ikkje den variable kapitalen som fungerer dobbelt, både som kapital for kapitalisten og som reveny for arbeidaren, men det er dei same *pengane* som ført fungerer som pengeform for den variable kapitalen, som potensiell variabel kapital i handa til kapitalisten og som så går over i handa til arbeidaren når kapitalisten kjøper arbeidskrafta hans. At dei same pengane nyttast forskjellig av kjøpar og seljar er noko som høyrer til alle kjøp og sal.

Dei økonomane som forsvarar kapitalismen påstår at arbeidskrafta er arbeidaren sin kapital i vareform som heile tida er kjelde til revenyen hans. Men arbeidskrafta er ikkje nokon kapital. Han blir

først kapital når han er seld til kapitalisten og går inn i den kapitalistiske produksjonsprosessen. Utanfor produksjonsprosessen er arbeidskrafta arbeidaren sin formue som stadig må fornyast eller reproduserast. Det at ein person på ny og på ny er tvunge til å selje arbeidskrafta si til ein annan, provar i følge nokre økonomar at han er ein kapitalist fordi han heile tida har ein «vare» (seg sjølv) å selje. Ut frå denne tenkinga blir også slaven ein kapitalist, sjølv om han ein gong for alle blir kjøpt av ein tredje person, for denne tredje personen må ikkje berre må arbeide kvar dag, men det er også slik at kjøparen må gi han livsmiddel kvar dag for at han stadig skal vere i stand til å fortsette å arbeide.

Eg tenkjer at dette er viktig i høve til den moderne politiske økonomien sitt omgrep «humankapital» som nett tyder at dei ser på arbeidaren som kapital. Det er sjølv sagt ei umenneskeleggjering eller ei tingleggjering av menneska som passar inn i den ideologien som blir bygd opp på kapitalen sitt grunnlag slik kapitalens representantar ser det. Denne og dei andre ikkje-marxistiske definisjonane av kapital, som symbolsk kapital, forkludrar heile den marxistiske analysen og har i røynda ikkje noko meir med kapital å gjere enn at merkelappen elefant på ei mus verkeleg omdannar musa til ein elefant.

Under punkt 2 skriv Marx at når  $1000v + 1000m$  i avdeling I blir omsett mot  $2000c$  i avdeling II, blir det som er konstant kapital for den eine ( $2000c$  i avdeling II) til variabel kapital og meirverdi ( $2000v+m$  i avdeling I), altså til reveny for den andre, og omvendt.

Så vil Marx sjå nøyare på omsettinga av variabel kapital i avdeling I mot konstant kapital i avdeling II og først ut frå arbeidaren sin synsstad. Det er altså slik at fellesarbeidaren i avdeling I har seld arbeidskrafta si til felleskapitalisten i avdeling I for 1000. Han får då denne verdien i pengar som blir utbetalt i form av arbeidsløn. Med desse pengane kjøper han forbruksmiddel frå avdeling II med same verdi. Då står kapitalisten i avdeling II mot han berre som vareseljar. Det same gjeld om arbeidarane i avdeling II kjøper varer (til dømes som omsetning for  $500v$  slik som i det eksempelet vi har brukt) frå kapitalisten i eigen avdeling. Den sirkulasjonsforma som hans vare, dvs. arbeidskrafta, har, er enkel og berre innretta på eige forbruk for å tilfredsstille eigne behov og kan skrivast slik (vare/arbeidskraft) – pengar – (forbruks)vare eller som Marx skriv det ( $W - G - W$ ) forbruksmiddel, dvs. vare i avdeling II. Resultatet av denne sirkulasjonen er at arbeidaren har halde seg oppe som arbeidskraft for kapitalisten, og for å fortsette med det må han stadig ta opp att denne prosessen. Arbeidslønna blir realisert i forbruksmiddel, ho blir lagt ut som reveny og, når det gjeld arbeidarklassen, blir ho det oppatt og oppatt.

Så ser Marx på same omsetninga I<sub>v</sub> mot I<sub>c</sub> frå standpunktet til kapitalisten. Her er det slik at heile vareproduksjonen i avdeling II er forbruksmiddel som skal seljast til nokon og i eksempelet vårt er det til fellesarbeidaren i avdeling I. Men for felleskapitalisten i avdeling II er ein del av vareproduktet hans =  $2000$ , forbrukt konstant kapital som har gått inn i dei produserte forbruksvarene i avdelinga og denne delen må bli forvandla tilbake til konstant kapital om han skal fungere som produktiv kapital att. Marx forklarar så den tryllekunsten det er å gjere forbruksmiddel til konstant kapital.

Det som kapitalisten i avdeling I har oppnådd så langt er at halvparten av den konstante kapitalen (=1000) som er produsert i vareform (forbruksvarer) er blitt forvandla til pengar ved sal til arbeidarane i denne avdelinga. Det er altså ikkje den variable kapitalen i avdeling I som er omsett i den første halvdelen av den konstante kapitalverdien i avdeling II, men pengane som for avdeling I fungerer som pengekapital og blir omsett mot arbeidskraft, og slik har komme i hendene på dei som selde arbeidskrafta (dvs. arbeidarane) og ikkje var kapital for dei, men har blitt reveny (inntekt) i pengeform, dvs. lagt ut som middel for å kjøpe forbruksmiddel. Det er berre slik pengane =  $1000$ , som kapitalistane i avdeling II har fått frå arbeidarane i avdeling I, kan fungere som konstant kapital for kapitalen i avdeling II att.

Med dei pengane som kapitalistane i avdeling II har fått frå arbeidarane i avdeling I ved å selje forbruksmiddel til dei, kan dei så bruke til kjøpe konstant kapital, anten fast eller som flytande, frå kapitalistane i avdeling I.

Marx går så nøyare inn på dette, gjennom å sjå på dei forskjellige formene verdiane kan opptre. Som vare kan verdien opptre i form av forbruksmiddel og produksjonsmiddel og som arbeidskraft. Som pengar kan verdien opptre i form av arbeidslønn, meirverdi, potensiell konstant kapital og potensiell variabel kapital og som reveny, dvs. inntekt som blir brukt til å kjøpe forbruksmiddel. Gjennom alle desse formene kan det gå føre seg ei utveksling mellom den delen av kapitalen som produserer produksjonsmiddel og den som produserer forbruksmiddel slik at kvar del får fornja både sin konstante og variable kapital.

Så seier Marx at resultatet av sirkulasjonen blir at kapitalen i avdeling I, som produserer produksjonsmiddel, får att i pengeform den variable verdidelen av kapitalen sin, og det er berre som pengeform at han direkte kan omsettast i variabel kapital. På den andre sida må arbeidaren, for å kunne opptre som varekjøpar, igjen opptre som vareseljar, ved å selje si eiga arbeidskraft.

Når det gjeld felleskapitalisten i avdeling II, som produserer forbruksvarer, så går sirkulasjonen føre seg direkte innan avdelinga. Fellesarbeidaren sel arbeidskrafta si til kapitalisten, set arbeidskrafta i verksemdu og produserer sin eigen verdi i form av varer (pluss meirverdien og pluss at bruken av arbeidskrafta sørger for at verdien av den forbrukte konstante kapitalen blir overført til dei nyproduserte varene). Med lønna, som er betalinga for salet av arbeidskrafta, kjøper så arbeidarane forbruksvarer av sin eigen felleskapitalist. Marx seier at lik revenyverdi i pengeform her erstattar den variable kapitalen i vareform. Lønna til arbeidarane som blir brukt til å kjøpe varene til kapitalistane i II erstattar dei forbruksvarene han har selv til dei. Dermed får han tilbake i pengeform den verdien han har lagt ut til variabel kapital, i form av arbeidslønn. Dette er då potensiell ny variabel kapital. I eksempelet vårt har då kapitalistane i avdeling II fått tilbake 500v som dei la ut i første omgang.

Omsetninga av luksusvarer følgjer same systemet, berre at det kan ta lenger tid før kapitalisten bruker sin meirverdi, i form av reveny, til å kjøpe varer, enn det tar for arbeidarane som stort sett bruker pengane etter som dei tener dei, seier Marx. I dag er det stort sett bankane som sit på desse pengane innan folk brukar dei, og bankane har dei ikkje liggande, men nytter dei til investeringar og anna utlån som dei tener pengar på att.

Så samanfattar Marx omlaupet til den variable kapitalen i avdeling I, produksjon av forbruksvarer.

Han seier at denne kapitalen går gjennom tre forvandlingar som ikkje, eller nesten ikkje synast i omsettinga av heile årsproduktet.

Den første forma er et 1000 einingar variabel kapital i form av pengar blir omsett i arbeidskraft til same verdi. Denne omsettinga synast ikkje sjølv i vareomsettinga mellom avdeling I og avdeling II, men resultatet synast i det at arbeidarklassen i avdeling I med 1000 penge-einingar stillar seg fram for vareseljaren i avdeling II, nett som arbeidarklassen i avdeling II med 500 penge-einingar stillar seg fram for vareseljaren i avdeling II som har 500 pengeeininger variabel kapital i vareform.

Den andre forma som er den einaste der den variable kapitalen verkeleg varierer og fungerer som variabel, der verdiskapande krafta trer i staden for den verdien som dei er bytta inn mot, høyrer berre til den produksjonsprosessen som legg bak oss.

Den tredje forma der den variable kapitalen har halde seg oppe som variabel kapital i resultatet av produksjonsprosessen, er det årlege verdiproduktet. I avdeling I er det  $1000v + 1000m = 2000 (m+v)$ .

I staden for den opphavlege verdien 1000 i pengar har vi fått ein dobbelt så stor verdi som ligg i varen, dvs. 2000.

Gjennom alle desse forvandlingane har kapitalist I heile tida den variable kapitalen i handa si: først som pengekapital, så som eit element i den produktive kapitalen hans (arbeidskrafta), så som verdidel i varekapitalen hans, dvs. i vareverdi og endeleg som pengar att (når han har seld varene sine) som gjer at han på ny kan kjøpe arbeidskraft.

Fordi den variable kapitalen heile tid er i hendene til kapitalisten kan vi ikkje på noko vis seie at han set seg om i reveny for kjøp av forbruksvarer. Det som blir reveny er ikkje den variable kapitalen, men den arbeidslønna som arbeidarane har fått og som då har sluttat å fungere som variabel kapital, men høyrer til dei som har seld den variable kapitalen, nemleg arbeidarane.

Kapitalisten og hans følgjesveinar, økonomane, har vanskeleg for å godta at dei pengane som er utbetalt til arbeidarane ikkje framleis er hans, altså kapitalistens, pengar.

Men når arbeidarane kjøper forbruksvarer frå kapitalist I, så er det ikkje den variable kapitalen som blir brukta, det er arbeidslønna som gjennom desse formendringane gjer deg mogleg for kapitalisten i avdeling I å få att den variable kapitalen sin ei funksjonsdugeleg form.

Men alle dei formendringane som vi har sett på i dette avsnittet er viktig når det gjeld omsetting av det årlege produktet.

### XI - Erstatning av den faste kapitalen

Marx seier at det er ein stor vanske å forstå korleis den konstante kapitalen kan bli fornys i begge avdelingane. Det har vore gjort mange forsøk på å forklare dette ut frå sirkulasjonen og ut frå at det skjer eit byte mellom avdelingane. Derfor gjennomgår Marx dei måtane ein kan prøve å gjere dette. Etter det vi allereie har lese, så veit vi at han konkluderer med at det ikkje er mogleg, og så gjentar han korleis det skjer gjennom utvekslinga mellom avdeling I og II ikkje gjennom eit enkelt byte, men ved hjelp av pengane. Verdien av slitasjen av den faste konstante kapitalen i avdeling II = 2000c, som produserer forbruksmiddel, går inn i dei forbruksvarene dei produserer. Desse forbruksvarene blir kjøpt av arbeidarane (lønnene deira = 1000v) og kapitalistane (meirverdien 1000m) i avdeling I som produserer produksjonsmiddel og då går dei pengane til kapitalistane i avdeling II, som så kan kjøpe kapitalvarer for dei frå avdeling I som erstattar det som er forbrukt i avdeling II = 2000c.

### XII - reproduksjon av pengematerialet

Eg skal ikkje skrive så mykje om dette. Men Marx viser her et det ikkje er noko problem med å finne pengemateriale til å omsette varene sjølv om dei har større verdi (c+v-m) enn dei pengane dei la ut for å produsere dei same varene (c+v).

### XIII - Destutt de Tracys reproduksjonsteori

Denne økonomen meiner at fortene stene til kapitalistane kjem av at dei alle sel varene dyrare til andre kapitalistar enn den summen dei bruker på å få dei produsert og av at dei sel resten til arbeidarane og slik får tilbake ein sum som svarer til den lønna dei betalar dei. Marx viser gjennom fleire konkrete reknestykke at dette ikkje held vatn og seier at desse ideologiane speglar det borgarlege elendet i den økonomiske «vitskapen» i all sin velde.

Når det gjeld utviklinga av Marx si filosofiske tenking, så er denne delen særleg interessant på grunn av at Marx utviklar tankekategoriane rundt formendringar. Lucien Sève har skrive mykje om dette.

## Kapittel 21 – akkumulasjon og utvida reproduksjon

Dette kapittelet har Engels skrive med utgangspunkt i Marx sine notat. Han begynner med å vise til første bind av kapitalen der Marx skriv om korleis ein kapital bruker den akkumulerte meirverdien til å utvide produksjonen sin eller skape ny produksjon. Slik må det også vere for den samla årsproduksjonen i samfunnet. Så er det slik at kapitalistane gjerne må spare opp meirverdien frå fleire omslag av kapitalen før dei har nok til nye investeringar. Då sel dei varer heile tida utan å kjøpe noko og då driver dei skattesamling og den er ikkje produktiv, den berre dreg pengar ut av sirkulasjonen. Dette ser tilsynelatande problematisk ut.

På eit tidspunkt har dei så nok pengar til å investere dei. For at dei skal kunne gjere det må dei som produserer dei varene dei treng vere i stand til å produsere meir enn før for at meirverdien skal kunne brukast. Dei må ha det potensialet. Pengane skaper eit behov for meir produkt og moglegheita for å produsere desse utan at pengane er der, må vere til stade, for pengar i seg sjølv er ikkje noko element i den verkelege reproduksjonen.

Så konstruerer Engels på grunnlag av Marx eit eksempel ut frå produksjon av pengematerial, gull og sølv. Dette er eit tenkt og falsk eksempel fordi han føreset at sirkulasjonsprosessen går føre seg i ei linje som startar med gull- og sølvprodusentane. I røynda går sirkulasjonen føre seg i ei rad tilbakeførande sirklar. Men for dei kapitalistane som driv denne produksjonen ligg meirverdien allereie i det dei produserer. Derfor kan dei kjøpe frå alle dei andre kapitalistane utan å selje noko. Då sit dei etter kvart med heile det samfunnsmessige meirproduktet og dei enkelte andre kapitalistane sit med pengemateriale som svarer til sin del av den samla produserte meirverdien. Men om dei andre kapitalistane sitt med pengemateriale som svarer til meirverdien sin, så stoppar det heile der, for dei kan ikkje bruke det som er spart til å utvide sin eigen produksjon fordi gullprodusentane har kjøpt opp det som dei skulle bruke til dette. Så skriv han at vi må sjå på akkumulasjonen i avdeling I, som er produksjon av produksjonsmiddel, og i avdeling II, som er produksjon av forbruksmiddel.

### Kapittel 21, I, 1 – Akkumulasjon i avdeling I – oppsamling av skatt

I dette avsnittet viser Marx at den oppfatninga som økonomane frå frihandelsskulen hadde og som Smith tok til seg, nemleg at vare blir omsett mot vare i utvekslinga mellom avdeling I (produksjonsmiddel) og avdeling II (forbruksmiddel) ikkje stemmer. Den viktige forskjellen er at pengane under kapitalismen ikkje berre fungerer som sirkulasjonsmiddel, men at dei og tar form av pengeKAPITAL. Dette viser han ved å repetere det vi no veit om sirkulasjonen mellom avdeling I og II. Sentralt står at den faste kapitalen fungerer over eit lengre tidsrom utan å bli fornya og at verdien av slitasjen kvart år kjem tilbake til kapitalisten som eig produksjonsmidla og at han sparar dei til produksjonsmidla er utbrukt, utslite, og må fornyast. I denne funksjonen er pengane altså pengekapital.

Han repeterer så hovudinnhaldet i dei førre kapitla med omsyn på kor komplisert sirkulasjonen under kapitalismen er.

Ut frå dette understrekar han at sirkulasjonen under kapitalismen er så komplisert fordi han består av tre uavhengige prosessar som går føre seg samstundes og der kvar prosess føreset at dei andre prosessane går greitt. Det dreier seg altså om at tilbodet på arbeidskraft frå arbeidarklassen i avdeling I blir halde oppe, at forvandlinga av ein del av varekapitalen i avdeling I i pengeforma av den variable kapitalen går greitt og at ein del av varekapitalen i avdeling II blir erstatta av naturelementa (dvs. produksjonsmiddel) av den konstante kapitalen i avdeling II. Dette gjer at det lett kan oppstå unormale tilstandar.

## Kapittel 21, I, 2 – tilskottet av konstant kapital

Dette avsnittet begynner med at det blir slått fast at meirproduktet som berar av meirverdien ikkje kostar noko for dei som tileignar seg det, nemleg kapitalistane. Dei har ikkje lagt ut noko for å få tak i det. Kapitalistane forskotterer (investerer) berre konstant og variabel kapital. Gjennom arbeidet sitt erstattar ikkje arbeidarane berre den konstante kapitalen hans og den variable, men produserer dessutan, gjennom meirarbeidet sitt ein meirverdi som finst i form av eit meirprodukt.

Gjennom å litt etter litt å selje dette meirproduktet sparar kapitalistane opp ein skatt som er ein potensiell tilskottskapital. I det eksempelet vi har her, som handlar om avdeling I (produksjon av produksjonsmiddel) består meirproduktet berre av eit tilskott av produksjonsmiddel. Det er først når desse produksjonsmidla blir sold til andre kapitalistar at dei fungerer som tilskottskapital. Men dei er virtuell tilskottskapital alt når dei blir produsert, før det er sold.

Forskjellen mellom denne prosessen og den enkle reproduksjonen, er at kapitalistane ikkje bruker meirverdien til eige personleg forbruk i form av forbruksmiddel frå avdeling II, men kjøper nye produksjonsmiddel for han innan avdeling I. Også under enkel reproduksjon blir det produsert meirverdi i materiell form, som produksjonsmiddel. Forskjellen er at under utvida reproduksjon får bruken av meirverdien ei anna form. I staden for at han går til å fornye den faste kapitalen i avdeling II (produksjon av forbruksvarer) går han til å fornye produksjonsmidla som produserer produksjonsmiddel. Dermed overfører avdeling I mindre produksjonsmiddel til avdeling II, men aukar i staden produksjonsmidla i avdeling i sjølv.

Når kapitalistar i avdeling I sel varene sine bygger dei opp eit fond av virtuell tilskotts-pengekapital dvs. ein rein pengeform av det tilskottet av produksjonsmiddel som er produsert i same avdeling.

Produksjonen av denne virtuelle pengekapitalen uttrykker seg i dette tilfellet ikkje som ein del av sjølve produksjonsprosessen. Ei utviding av produksjonen med tilskott av virtuell pengekapital er altså noko anna enn resultat av og uttrykk for mangesidig produksjon av virtuell tilskottskapital, som ikkje har kravd noko ekstra utlegg i pengar for dei industrielle kapitalistane.

Den pågåande forvandlinga av dette virtuelle tilskottet av produktiv kapital til virtuell pengekapital gjennom salet av produksjonsmidla, fører til at pengar stadig blir trekt ut av sirkulasjonen for å danne ein tilsvarande stor skatt, med unnatak for når gullprodusentane er kjøparar. I det siste tilfellet får gullet ein ny funksjon, det fungerer ikkje som sirkulasjonsmiddel, men som skatt, som nydanna virtuell ny kapital. Danning av tilskottskapital og mengda av dei edelmetalla som er i landet står altså ikkje i nokon årsaksamssamanhang med kvarandre.

Av dette følgjer at desto større ein fungerande produktiv kapital i et land (medrekna den arbeidskrafa som finst, som skapar av meirprodukt), dess meir utvikla produktivkrafta til arbeidet er og dermed også dei tekniske midla til raskare utviding av produksjonen av produksjonsmiddel – desto større er også massen av meirprodukt etter både verdi og masse av bruksverdi, som meirverdien ligg i – desto større er også

1. den virtuelle tilskottskapitalen i form av meirprodukt i hendene på dei kapitalistane som eig han og
2. massen av dei pengane som meirproduktet er forvandla til, altså tilskottet til den virtuelle pengekapitalen i hendene på dei som selde produksjonsmidla – når altså økonomen Fullarton seier at han ikkje vil vite av overproduksjon slik vi vanlegvis forstår det, men overproduksjon av kapital, nemleg pengekapital, viser det nok en gong kor lite sjølv dei beste borgarlege økonomane forstår systemet sitt.

Når meirproduktet, som er direkte produsert og tileigna av dei kapitalistane som sel det, er det verkelege grunnlaget for kapitalakkumulasjonen, dvs. utvida reproduksjon, sjølv om det først fungerer med denne eigenskapen i hendene på dei som kjøper det – så er det derimot i sin pengeform – som skatt og noko som berre litt etter litt dannar seg som virtuell pengekapital – absolutt uproduktivt og går føre seg parallelt med produksjonsprosessen, men ligg utanfor denne. Det er ei blyvekt (daud vekt) på den kapitalistiske produksjonen. Denne virtuelle pengekapitalen (som er meirverdi i form av skatt eller fond) sin trøng til å bli brukbar til å danne profitt og revenyinntekt finn målet for strevet sitt i kreditsystemet og «papirbitar». Gjennom dette får pengekapitalen enorm innverknad på forlaupet av og den valdsame utviklinga av det kapitalistiske produksjonssystemet.

Jo større kapitalen var i utgangspunktet desto større blir mengda av meirproduktet som blir omsett til virtuell pengekapital. Den absolute storleiken og oppdelinga i mindre deler gjer då at både omfanget av økt kapital innan same område eller ny kapital i andre område blir større.

Når dei som kjøpar produksjonsmidla får hand om dei begynner meirproduktet å fungere som tilskott til den konstante kapitalen. Og for at dei skal få tak i produksjonsmidla er ein sirkulasjonsaktivitet påkravd, dei må kjøpe meirproduktet. Så er spørsmålet – kor kjem pengane frå som dei brukar til desse kjøpa? Dei kjem frå dei vekselvise kjøpa og sala som kapitalistane i avdeling I gjer ovanfor kvarandre. Den einaste føresetnaden er at det er nok pengar i landet er nok til å dekke både den aktive sirkulasjonen og reserveskatten som må til for at heile sirkulasjonsprosessen i det heile skal kunne fortsette. Det er berre funksjonen til skatten/fondet som er forskjellig frå den enkle varesirkulasjonen. Dette er fordi alle produkt (med unnatak for produksjon av pengemetall og det som produsenten sjølv bruker) blir produsert som varer, og altså å må gå gjennom pengeforma, og fordi mengda av varekapital og verdiomfanget hans både er større og veks med større hastigkeit, og fordi ein stadig meir utbreidd variabel kapital straks må omsettast i pengekapital, og fordi ny pengekapital må halde tritt med utvidinga av produksjonen og at materialet for skatteformål må finnast.

Om dette gjeld for den første fasen av den kapitalistiske produksjonen der det er føretrekt at kreditsystemet blir følgd av sirkulasjon av metall og like mykje for den mest utvikla fasen er det like mykje føretrekt for den mest utvikla fasen av kreditsystemet fordi basis fortsett å vere metallsirkulasjon. På den eine sida kan tilskottet av metallproduksjon virke forstyrrende inn på vareprisane ettersom produksjonen svingar opp eller ned, både på kort og lang sikt. Elles er heile kredittmekanismen opptatt av å minske metallsirkulasjonen gjennom alle slags operasjonar, metodar, tekniske innreiingar og med det aukar også det kunstige i heile maskineriet og sjansen for forstyrringar i den normale gangen aukar i same grad.

Til dømes kan dei som kjøper produksjonsmiddel som set den virtuelle nye pengekapitalen i aktiv operasjon selje og kjøpe av kvarandre produkta sine (delar av meirproduktet) og då flyt dei pengane som er forskottert for å få sirkulert meirproduktet, ved normalt forlaup, tilbake til dei i same proporsjonar som dei har forskottert dei. Viss pengane fungerer som betalingsmiddel, så betaler dei berre mellomlegget der verdien av kjøp og sal ikkje utliknar kvarandre. Men det er viktig å forutsette over alt, slik det her skjer, metallsirkulasjonen i sin enkle opphavlege form, fordi vi med det kan vise korleis flyt og tilbakeflyt, utlikning av betalingsbalansar går føre seg, kort sagt å framstille alle moment som ser ut som dei er medvite regulert i kreditsystemet, som uavhengig av kreditsystemet, slik at sakene trer fram i naturform i staden for i den seinare reflekterte.

## Kapittel 21, I, 3 – tilskottet av variabel kapital

Dette er eit kort avsnitt der forfattaren først seier at bok 1 i Kapitalen tar opp korleis arbeidskraft alltid er tilgjengeleg under den kapitalistiske produksjon og korleis ein kan gjere meir arbeid flytande utan å auke talet på arbeidarar eller mengda av arbeidskraft. I same boka er det også skrive om at ein gitt kapital kan utvide produksjonsomfanget sitt utan akkumulasjon. Men her dreier det seg om kapitalakkumulasjon spesielt slik at utviding av produksjonen har som føresetnad at meirverdi blir omdanna til tilskottskapital, dvs. gjennom utvida kapitalgrunnlag for produksjonen.

Gullprodusenten kan akkumulerer ein del av gullmeirverdien sin som virtuell kapital, når han har spart nok kan han omsette den direkte i ny variabel kapital utan at han må selje meirproduktet sitt først og han kan også omsette det i element av konstant kapital. Likevel må han finne desse tinglege elementa av den konstante kapitalen sin anten ved at kvar produsent har arbeid for å sette på lager eller gjer arbeid på bestilling. I den verkelege produksjonen er det i begge tilfelle føresett at den verkelege utviding av produksjonen, dvs. meirproduktet på den eine sida verkeleg er til stade og at det på den andre side er virtuelt til stade, at det kan leverast.

## Kapittel 21, II – akkumulasjon i avdeling II (forbruksmiddel)

Vi har alt sett korleis omsettinga mellom avdeling I (produksjonsmiddel) og avdeling II går føre seg ved at avdeling I sel produksjonsmiddel til avdeling II og at dette blir utlikna ved at arbeidarane og kapitalistane i avdeling I kjøper forbruksvarer til same verdi frå avdeling II.

Men under utvida reproduksjon sel kapitalistane produksjonsmiddel til avdeling II og samlar pengane dei får for seinare å auke sine eigne produksjonsmiddel. Dermed kjøper dei ikkje forbruksvarer for heile meirverdien sin hos avdeling II og det som følgjer er i røynda overproduksjon fordi avdeling II ikke får seld alle forbruksvarene sine. Det at akkumuleringa finn stad ved at det hindrar omsettinga av forbruksvarer er noko som stirr mot vesenet til den kapitalistiske produksjonen fordi ein allment oppfattar at målet med og det drivande motivet for han er forbruk og ikkje skaping av meirverdi og omdanning av denne til meir kapital det vil seie akkumulasjon.

Så ser han nøyare på akkumulasjonen i avdeling II.

Vi tar utgangspunkt enkel reproduksjon der den konstante kapitalen i avdeling II som berre produserer forbruksvarer skal fornyast frå avdeling I som berre produserer produksjonsvarer. Det skjer, som vi har sett, ved at  $(1000v+1000m)$  i avdeling I blir omsett mot  $2000c$  i avdeling II gjennom pengetransaksjonar og sal mellom avdelingane.

Men viss halvdelen av meirproduktet i avdeling I  $(1000/2)m=500m$  blir brukt til å kjøpe produksjonsvarer i same avdeling (for å utvide produksjonen) så kan denne delen av meirproduktet ikkje bli brukt til å kjøpe forbruksvarer i avdeling II, noko som er ein føresetnad for at kapitalistane i denne avdelinga skal få seld sine forbruksvarer til avdeling I slik at dei får pengar til å fornya sine produksjonsmiddel ved å kjøpe frå avdeling I. Kapitalisten brukar 500 av sin meirverdi til å kjøpe produksjonsmiddel frå eigen avdeling og avdeling I har då berre  $500m+1000v=1500$  til å kjøpe forbruksvarer frå avdeling II. Og avdeling II manglar 500 til å fornya sin konstante kapital som dei ikkje får fornya. Det er same summen som avdeling I brukar til å utvide sin produksjon av produksjonsmiddel. Når avdeling II ikkje kan selje alle varene sine til avdeling I får vi overproduksjon av forbruksvarer. Dette, seier Marx, kan kanskje også virke slik inn på arbeidarane i avdeling I at dei ikkje brukte alle sine  $1000v$  til å kjøpe forbruksvarer frå avdeling II og dermed ville heller ikkje kapitalisten i avdeling I få tilbake verdi til å fornya sine produksjonsmiddel innan skjemaet for enkel reproduksjon. Og dermed gå vinninga opp i spinninga og kapitalisten i avdeling I for kanskje berre nok pengar tilbake til å fortsette å produsere innan enkel reproduksjon og ikkje utvida.

Så går Marx inn på at eit forsøk på å komme ut av dette problemet ved hjelp av ein tankekonstruksjon der vareforrådet i avdeling II berre går inn som ein naturleg del av sirkulasjonen, men må konkludere med at dette heller ikkje hjelper, ein blir ikkje kvitt overproduksjonen i avdeling II dersom ein går ut frå den prosessen som enkel reproduksjon føreset. Fordi vi ikkje kan løyse dette overproduksjonsproblem ved å analysere det innan rammene av enkel reproduksjon, må vi sjå at vi har med eit særeige problem å gjere som berre kan løysast ved at vi har med ei forskjellig gruppering av elementa i avdeling I og utan det kan ikkje utvida reproduksjon finne stad. Derfor må han til slutt i boka undersøke dette nærare.

### Kapittel 21, III – skjematiske framstilling av akkumulasjonen

Han vil sjå på reproduksjonen ut får eit anna skjema a):

$$\begin{array}{ll} \text{I.} & 4000c + 1000v + 1000m = 6000 \\ \text{II.} & 1500c + 376v + 376m = 2252 \quad \text{summert til } 8252. \end{array}$$

Den samla summen av den årlege reproduksjonen er her mindre enn i det førre skjemaet der summen var 9000. Marx skriv at han kunne ha brukt større summer, men bruker mindre summer enn i det opphavlege skjemaet for å vise at utvida produksjon ikkje har noko med den absolutte storleiken på produktet å gjøre, men at dei for ei gitt mengd varer, berre kjem av eit forskjellig arrangement eller ei forskjellig funksjonsbestemming av dei forskjellige elementa av dei gitte produkta, mens dei etter verdistorleiken berre er enkel reproduksjon. Det er ikkje kvantiteten, men kvalitetsbestemminga av dei gitte elementa av den enkle reproduksjonen som endrar seg, og denne endringa er den materielle føresetnaden for den seinare reproduksjonen på høgare trinn.

Vi kunne framstille skjemaet annleis med forskjellige forhold mellom variabel og konstant kapital, til dømes slik skjema b):

$$\begin{array}{ll} \text{I.} & 4000c + 875v + 875m = 5750 \\ \text{II.} & 1750c + 376v + 376m = 2502 \quad \text{summert til } 8252. \end{array}$$

Viss vi hadde laga det for enkel reproduksjon, så hadde det sett slik ut fordi heile meirverdien her blir brukt som reveny (inntekt for innkjøp av forbruksmiddel). I begge skjema har vi eit årsprodukt med same verdi, men i skjema b) er det ei slik funksjonsgruppering at det legg opp til enkel reproduksjon, mens denne grupperinga i skjema a) dannar det materielle grunnlaget for utvida produksjon. Det er nemleg slik at vi under b) ser at  $(875v+875m)$  i avdeling I = 1750 ( $v+m$ ) og dermed blir omsett mot 1750c i avdeling II. Dermed er det ikkje noko overskott til utvida reproduksjon. Men i a) er det slik at  $1000v+1000m$  i avdeling I = 2000 ( $v+m$ ) blir omsett mot 1500c i avdeling II og dermed har vi eit overskott på 500m i avdeling I som kan brukast til utvida akkumulering i avdeling I.

Dette analyserer han så vidare ut frå skjema a). Her føreset vi at halvparten av meirverdien i begge avdelingane = 500m, blir akkumulert i staden for å fungere som inntekt til kjøp av forbruksmiddel frå avdeling I. Då er det berre  $1000v+500m$  som blir lagt ut som reveny. Derfor får avdeling II også berre tilbake 1500 frå avdeling I i form av produksjonsmiddel, dvs. konstant kapital. Dette utgjer ein del av den enkle reproduksjonsprosessen. Det same gjeld 4000c i avdeling I. Derfor undersøker ikkje Marx desse forholda vidare her. Det er jo gjort tidlegare.

Det som han må undersøke er 500m i avdeling I og  $(376v+376m)$  i avdeling II når det gjeld det indre forholdet mellom dei og rørsla mellom begge. Vi har no den føresetnaden at halvparten av meirverdien i avdeling II blir akkumulert. Derfor er her kapitalen som skal forvandlast  $376/2=188$ . Av

det er  $\frac{1}{4}$  i variabel = 47 som vi kan runde av til 48. Det som då skal forvandlast til konstant kapital er  $188-48=140$ .

No støyter vi på eit nytt problem. Dette fører med seg at avdeling II må kjøpe produksjonsmiddel frå avdeling I til ein verdi av 140m for reine pengar utan at varer utan at han får tilbake desse pengane ved å kunne selje sine varer til I att. Og dette gjeld heile tida ved kvar årleg nyproduksjon, så langt som det er ein utvida reproduksjon. Men kvar er då kjelda til pengane frå som avdeling II bruker til å kjøpe det dei gjer frå avdeling I.

Marx seier at kapitalistane i avdeling I jo kan prøve å skaffe desse pengane ved å betale arbeidskrafta under sin verdi. Eller at dei kan nytte forskjellige former for svindel. Men ikkje noko av dette løyser det teoretiske problemet vi har stilt. Vi kan altså ikkje finne løysninga gjennom analysen av dei 376v i avdeling II.

Og enno meir tvilsamt stiller det seg med dei 376m i avdeling II. Her står kapitalistane mot sin eigen klasse. Meirverdien her brukar kapitalistane til å kjøpe forbruksvarer frå kvarandre. Då utliknar kjøp og sal kvarandre og kan ikkje skape tilskott av pengekapital. Dei kan klare dette ved svindel, men då er det slik at det nokon vinn, tapar andre. Då kan svindlarane spare seg opp middel som dei brukar for å utvide produksjonen og dei som blir svindla må klare seg med å kjøpe mindre forbruksmiddel. Eller så kan kjøp av forbruksmiddel med meirverdien i avdeling II bli direkte forvandla til ny variabel kapital i avdeling II. Det blir undersøkt på slutten av dette kapittelet. Og etter dette kjem to konkrete dømer som skal sette lys på problemet.

### Kapittel 21, III, 1. første døme

#### A) Skjema for enkel reproduksjon

$$\begin{array}{lll} \text{I.} & 4000c + 1000v + 1000m = 6000 \\ \text{II.} & 2000c + 500v + 500m = 3000 & \text{samla sum} = 9000 \end{array}$$

#### B) Utgangsskjema for utvida reproduksjon

$$\begin{array}{lll} \text{I.} & 4000c + 1000v + 1000m = 6000 \\ \text{II.} & 1500c + 750v + 750m = 3000 & \text{samla sum} 9000 \end{array}$$

Når vi går ut frå at halvparten av meirverdien blir akkumulert, altså 500, så får vi at  $(1000v + 500m)$  i avdeling I eller 1500 ( $v+m$ ) i avdelinga skal erstattast med 1500c i avdeling II. I avdeling I har vi då igjen  $4000c + 500m$  som seinare skal akkumulerast. Erstatninga av  $(1000v + 500m)$  i avdeling I gjennom 1500c i avdeling II er ein prosess innan enkel reproduksjon og er handsama under denne.

Vi antar så at av dei 500m i avdeling II skal 400 forvandlast til konstant kapital og 100 til variabel. Omsetninga av 400m innan avdeling I er allereie handsama. Då får for avdeling I  $4400c + 1000v + 100m$  (som skal omsettast i 100v). På si side kjøper avdeling II, for si akkumulering, dei 100m frå avdeling I (som altså eksisterer i form av produksjonsmiddel) som no dannar tilskott av konstant kapital i avdeling II, men dei 100 pengane som avdeling II betalar til avdeling I for det, blir i pengeform forvandla til tilskott av variabel kapital i avdeling I. Då har vi i avdeling I ein kapital på  $4400c + 1100v$  (denne siste i pengar) = 5500.

No har avdeling II skaffa seg nye 100 i konstant kapital og har altså 1600c. For å arbeide med dette tilskottet treng dei eit tillegg på 50v i pengar som tilskott for å kjøpe ny arbeidskraft, slik at den variable kapitalen der veks frå 750 til 800. Denne utvidinga av konstant og variabel kapital i avdeling II på til saman 150 blir betalt av eigen meirverdi. Av dei 750m blir då att 600m som forbruksfond for kapitalisten i avdeling II og årsproduktet der blir då fordelt slik:

$$(II) \quad 1500c + 750v + 750m = 3000$$

Dei 150m produsert som forbruksmiddel og som her blir forvandla til  $(100c + 50v)$  i av deling II går heilt inn i arbeidarane sitt forbruk, i naturform. 100 blir brukt opp av arbeidarane i avdeling I ( $100 Iv$ ) og 50 av arbeidarane i avdeling II ( $50 IIV$ ) slik vi alt har vist.

I røynda må dei i avdeling II, der heile produktet må tilpassast i ei form slik det kan akkumulerast, reprodusere ein del av meirverdien, som er 100 større, i naudsynte forbruksvarer. Viss produksjon på høgare trinn verkeleg kjem i gang så flyt dei 100 i variabel pengekapital frå I, gjennom frå hendene til arbeidarklassen her, tilbake til avdeling II. Dei overfører så 100m i vareform til I og i tillegg 50 vareform til sin eigen arbeidarklasse. No blir det endra arrangementet for akkumulasjon slik:

I.	$4400c + 1100v + 500$ forbruksfond	= 6000	
II.	$1600c + 800v + 600$ forbruksfond	= 3000	samla sum 9000 som tidlegare.

Av dette er kapital:

I.	$4400c + 1100v$ (pengar)	= 5500	
II.	$1600c + 800v$ (pengar)	= 2400	samla sum 7900

mens produksjonen starta med:

I.	$4000c + 1000v$	= 5000	
II.	$1500c + 750v$	= 2250	samla sum 7250.

Viss den verkeleg akkumulasjonen går føre seg på denne måten, dvs. at det verkeleg blir produsert med denne auka kapitalen, så får vi på slutten av det neste året:

I.	$4400c + 1100v + 1100m$	= 6600	
II.	$1600v + 800v + 800m$	= 3200	samla sum 9800.

Så fører Marx vidare desse eksempla gjennom fem år og kjem fram til den utvida reproduksjonen på dette grunnlaget har ført til at vi på slutten av det 5. året får dette resultatet:

I.	$6442c + 1610v + 1610m$	= 9662	
II.	$2342c + 1171v + 1171m$	= 4684	samla sum 14346.

Så samanfattar han det heile og seier at den samla kapitalen etter 5 år med utvida reproduksjon i begge avdelingane har auka frå  $5500c + 1750v = 7250$  til  $8784c + 2781v = 11565$ , dvs. i eit forhold på 100 til 160. Den samla meirverdien var til å begynne med 1750 og steig til 2781. Den oppbrukte meirverdien var til å begynne med 500 i avdeling I og 600 i avdeling II til saman 1100. I det siste året var det 732 for I og 746 for II, til saman 1478. Den har altså auka i forholdet 100/134.

## Kapittel 21, III, 2. andre døme

Så går Marx laus på eit anna eksempel. Han seier at vi no har eit årleg produkt på 9000 som finst i hendene på den industrielle kapitalistklassen som varekapital og i ei form det det allmenne gjennomsnittsforholdet mellom den variable og konstante kapitalen er 1 til 5. Dette føreset at det alt finst ein ganske stor utvikling av den kapitalistiske produksjonen og ei tilsvarande utvikling av produktivkrafta til det samfunnsmessige arbeidet, ganske stor tidlegare utviding av produksjonsnivået og endeleg ei utvikling av alle omstende som produserer eit relativt overskott av personar i arbeidarklassen. Viss vi rundar av brøkene så vil årsproduktet fordele seg slik:

I.	$5000c + 1000v + 1000m$	= 7000	
II.	$1430c + 285v + 285m$	= 2000	samla sum = 9000

Lat oss no anta at kapitalistklassen i avdeling I bruker halve meirverdien til personleg forbruk, dvs. 500 og akkumulerer den andre halvdelen =5000. Då skulle  $(1000v + 500m)$  bli omsett mot 1500 i

avdeling II. Då den konstante kapitalen i avdeling I berre er 1430, så må det tilsettast 70 frå meirverdien. Når vi trekk desse 70 frå 285v så har vi att 215m i avdeling II. Då får vi:

- I.       $5000c + 500m$  (som skal kapitaliserast) +  $1500(v+m)$  i forbruksfondet til kapitalistane og arbeidarane i avdelinga
- II.      $1430c + 70m$  (som skal kapitaliserast) +  $285v + 215m$ .

Så blir 70m direkte tatt til konstant kapital av kapitalistane i avdeling II så trengs det ein variabel kapital på  $70/5 = 14$  for å sette denne tilskottskapitalen i rørsle. Desse 14 blir så altså trekt frå dei 215m i avdeling II og der blir det 201m att. Då får vi:

- I.
- II.     $(1430c + 70c) + (285v + 14v) + 201m$ .

Omsetninga av 1500 i avdeling I ( $v+1/2m$ ) mot  $1500c$  i avdeling II høyrer til den enkle reproduksjonen og er alt omhandla. Men det er noko å pussig å merke seg som kjem av at det som har samle seg i avdeling I ( $v+1/2m$ ) ikkje blir erstatta av den konstante kapitalen i avdeling II aleine, men av denne pluss ein del av meirverdien i avdeling II. At den variable kapitalen pluss meirverdien i avdelinga er større enn den konstante kapitalen i avdeling II (og ikkje lik, slik den er under enkel reproduksjon) er sjølv sagt. For det første inneholder avdeling I ein del av meirproduktet sitt i sin eigen produktive kapital og forvandlar  $5/6$  av det i konstant kapital og då kan ikkje desse  $5/6$  delane på same tid bli erstatta av forbruksmiddel frå avdeling II. Og så må avdeling I, av meirproduktet sitt, levere det stoffet til den konstante kapitalen i avdeling II som er naudsynt for akkumulasjonen der, nett som avdeling II må levere stoffet for den variable kapitalen til avdeling I, som så avdeling I skal sette i rørsle som den delen av meirproduktet sitt som skal brukast som konstant meirkapital.

Vi veit at den verkeleg variable kapitalen er arbeidskraft og tilleggsarbeidskraft. Det er ikkje kapitalistane i avdeling II som kjøper dei midla som arbeidarane treng og så leverer dei vidare til arbeidarane, slik slaveigarane måtte. Det er arbeidarane sjølv som handlar med avdeling II. Men dette hindrar ikkje at kapitalistane ser det slik at forbruksmidla til tilskottsarbeidskrafta berre er produksjonsmiddel for livsmiddel for sin eventuelle tilskottsarbeidskraft og altså er naturalforma for den variable kapitalen sin.

Så har Marx eit innskott på om lag to sider der han viser korleis dette blir framstilt av borgarlege ideologar. Det viktigaste er sjølv sagt korleis dei ser ned på arbeidarklassen og bruker falske argument for å få dei til å arbeide meir samstundes som de får mindre løn og skal konsumere meir og «betre». Utgangspunktet er at kapitalistane har ein tendens til å sjå på lønene til arbeidarane som dei forbruksvarene arbeidarane kjøper og som om dette eigentleg er kapitalistane sine som dei gir til arbeidarane. Dette er, slik eg ser det, og utgangspunkt for tradisjonen med input-output analyser av økonomien. Men les sjølv i den nyomsette Kapitalen, bind 2, som snart er i handelen.

Etter dette går Marx tilbake til den økonomiske analysen igjen. Mens avdeling I må levere tilskottet til den konstante kapitalen frå avdeling II av meirproduktet sitt, så leverer avdeling II i denne tydinga tilskottet til den variable kapitalen for avdeling I. Avdeling II akkumulerer for avdeling I og for seg sjølv, i den grad det gjeld variabel kapital, ved det at avdeling II reproducerer ein større del av den samla produksjonen sin, nemleg altså meirproduktet, i form av nødvendige forbruksmiddel.

Under produksjons på veksande kapitalgrunnlag må variabel kapital pluss meirverdi ( $v+m$ ) i avdeling I vere lik konstant kapital i avdeling II pluss den delen av meirproduktet som blir inkorporert att som kapital pluss tilskottsdelen av den konstante kapitalen som er naudsynt for å utvide produksjonen i avdeling II. Og den minste utvidinga her er den som må til for å at ikkje den verkeleg akkumulasjonen, det vil seie den verkelege utvidinga av avdeling I, ikkje kan settast i verk.

Vi går så tilbake til det siste tal-eksempelet ovanfor. Det som er merkeleg her er at den konstante kapitalen i avdeling II er mindre enn variabel kapital pluss halvparten av meirverdien i avdeling I, som er den delen av produktet i avdeling I som er reveny (inntekt) brukt til å kjøpe forbruksmiddel frå avdeling II. Og det fører til at dei for å omsette dei 1500 (v+m) i avdeling I, straks også må omsette ein del av meirproduktet i avdeling II = 70. Når det gjeld den konstante kapitalen i avdeling II = 1430, så må den då under liknande omstende bli erstatta av den variable kapitalen og meirverdien i avdeling I med same verdiinnhald slik at enkel reproduksjon i avdeling II kan skje, og då treng vi ikkje å handsame det vidare her.

Men med dei 70 i meirverdi som har kome til i avdeling II er det annleis. No er ikkje desse berre pengeverdien av innkjøp av forbruksmiddel frå kapitalistane i avdeling I som går til avdeling II, slik det var under enkel reproduksjon, no er det forvandling av ein del av meirproduktet i form av forbruksmiddel i avdeling II til konstant kapital der, det er altså akkumulasjon i avdeling II. Viss avdeling I kjøper for 70 pengeeininger (pengereserve til å omsette meirverdien) dei 70 i meirverdi frå avdeling II og viss avdeling II ikkje kjøper dei 70 i meirverdi frå avdeling I, men akkumulerer dei 70 pengeeiningerne som pengekapital, så er den sistnemnde framleis uttrykk for eit tilskottsprakt (sjølv meirproduktet frå avdeling II, som det er likt med) sjølv om det ikkje er eit produkt som går inn att i produksjonen. Men då ville denne pengeoppssamlinga av avdeling II også vere uttrykk for 70 i meirverdi i avdeling I som ikkje kunne seljast i form av produksjonsmiddel. Dermed ville vi få relativ overproduksjon og motsvarande mangel på utviding av reproduksjonen i avdeling II.

Men bortsett frå dette er det slik at i den tida då dei 70 meirverdi i pengeform, som kom frå avdeling I, enno ikkje vender tilbake dit, eller gjer det berre delvis, (gjennom avdeling I sitt kjøp av forbruksmiddel) for 70 meirverdi i pengeform frå avdeling II som då vender tilbake til avdeling I (når avdeling II kjøper produksjonsmiddel derfrå), altså at desse 70, i pengeskapnaden sin, heilt eller delvis blir i hendene på avdeling II som tilskott av virtuell pengekapital. Dette gjeld for kvar omsetning mellom avdeling I og II før dei har omsett varene til kvarandre slik at pengane kjem tilbake til utgangspunktet (til dei som først satsa dei).

Under kreditsystemet, der alle ledige pengar straks blir aktiv som tilskott av pengekapital, kan desse pengane, som elles berre finst ei stund, bli eit varig fenomen og kan tene til at det blir oppretta nye føretak i avdeling I, mens den kan gjere tilskottsprakt flytande som av seg sjølv ligg fast.

Vi må føye til at den konstante kapitalen i avdeling II si tileigning av dei 70 i meirverdi krev eit tilskott på 14 til utviding av den variable kapitalen. Dette føreset at reproduksjonen i avdeling II allereie går føre seg med ein tendens til vidare kapitalutviding, at han altså medfører utviding av den delen av meirproduktet som ligg i naudsynte forbruksmiddel.

Som vi såg må produktet på 9000 i det andre eksempelet fordele seg på følgande måte når 500 meirverdi i avdeling II skal kapitaliserast. Vi ser her berre på varene og ser bort frå pengesirkulasjonen.

$$\begin{aligned} \text{I. } & 5000c + 500m \text{ (som skal kapitaliserast)} + 1500 (v+m) \text{ forbruksfond} = 7000 \text{ i varer.} \\ \text{II. } & 1500c + 299v + 201m = 2000 \text{ i varer.} \end{aligned}$$

Kapitaliseringa går no føre seg på denne måten:

I avdeling I delar dei 500m, som skal kapitaliserast, seg i  $5/6 = 417c + 1/6 = 83v$ . Det 83v drar med seg eit like stort bidrag frå meirverdien i avdeling II som kjøper element av konstant kapital og blir omdanna til konstant kapital i avdeling II. Ein auke på konstant kapital på 83 i avdeling II føreset ein auke av variabel kapital i same avdeling, på ein femtedel av 83 som er lik 17. Då har vi denne omsetnaden:

$$\begin{array}{lll} \text{I.} & (5000c + 417m)c + (1000v + 83m)v = 5417c + 1083v & = 6500 \\ \text{II.} & (1500c + 83m)c + (299 + 17m)v = 1583c + 316v & = 1899 \text{ til saman } 8399. \end{array}$$

Kapitalen i avdeling I har vokse fra 6000 til 6500, altså med 1/12. I avdeling II har han vokse fra 1715 til 1899, altså med bortimot 1/9. Marx fører reknestykke vidare i to år til og kan konkludere med at veksten i den samle kapitalen på desse 3åra med utvida reproduksjon er fra 6000 til 7629 for kapitalen i avdeling I og fra 1715 til 2229 i avdeling II og for den samla samfunnsmessig kapitalen fra 7715 til 9858.

**Kapittel 21, III, 3. omsetnaden av konstant kapital i avdeling II ved akkumulering**  
 Når det gjeld bytet mellom variabel kapital pluss meirverdien i avdeling I ( $v+m$ ) med den konstante kapitalen i avdeling II ( $c$ ) er det forskjellige tilfelle.

Under enkel reproduksjon må begge vere lik kvarandre og erstatte kvarandre for at denne reproduksjonen kan gå føre seg utan å bli forstyrra. Ved akkumulasjon er særlig akkumulasjonsgraden viktig å sjå på. Til nå har vi sett akkumulasjonsgraden i avdeling I til  $\frac{1}{2}$  av meirverdien og at han var stabil. Vi let berre proporsjonane mellom korleis denne akkumulerte kapitalen delar seg i variabel og konstant kapital. Ut frå dette gav tre tilfelle seg:

1. Avdeling I ( $v+1/2m$ ) =  $IIC$  (den variable kapitalen pluss halvparten av meirverdien i avdeling I er lik den konstante kapitalen i avdeling II) og dette er mindre enn  $I(v+m)$  og det må det vere eller kan ikkje I akkumulere.
2. Avdeling I ( $v+1/2$ ) er større enn  $IIC$ . I dette tilfellet blir eit tillegg skaffa ved av ein del av  $I_m$  blir lagt til  $IIC$ , slik at denne summen blir  $I(v+1/2m)$ . Her får vi akkumulasjon.
3. Avdeling I ( $v+1/2$ ) er mindre enn  $IIC$ . I dette tilfellet har ikkje II reproduusert seg fullt ut og må erstatte det som manglar gjennom kjøp frå I. Til dette trengs det ikkje nokon vidare akkumulering av variabel kapital i II for der blir storleiken av den konstante kapitalen først fullstendig reproduusert gjennom denne operasjonen. På den andre sida har kapitalistane i avdeling I, som berre har samla opp tilskott av pengekapital, alt fullført ein del av denne slags akkumulering gjennom denne omsetnaden.

Konklusjonen er at  $I(v+m) = IIC$ , gjer akkumulering av kapital umogleg, altså umogleg-gjer verkeleg kapitalistisk produksjon. Under kapitalistisk produksjon er det altså slik at I ( $v+m$ ) ikkje kan vere lik  $IIC$  eller begge kan ikkje dekke kvarande gjennom omsetting. Derimot kan det som blir brukt til eige forbruk av kapitalistane, dvs. I ( $v+m/x$ ) vere større eller mindre enn  $IIC(c+m)$  og så mykje mindre som den delen av  $I_m$  som kapitalistklassen under alle omstende må forbruke.

Så seier Marx at dette ikkje er nøyaktig framstilt fordi den faste kapitalen og den flytande kapitalen fornyar seg på forskjellige måtar og forskjellige tidspunkt. Og så avsluttar han med å seie at profitraten blir rekna ut ved å dele meirverdien på heile kapitalen uansett kor mykje og til kva tid den faste kapitalen gir frå seg verdi gjennom slitasje. Men for å rekne verdien av den varekapitalen som blir laga innan kvar periode skal vi berre rekne med den verdien som i gjennomsnitt blir overført til produktet frå den faste kapitalen (dvs. slitasjen).

## Kapittel 21, IV Tillegg

Den opphavlege pengekjelda for avdeling II er  $v+m$  i gullproduksjonen til avdeling I som er bytta mot ein del av den konstante kapitalen i avdeling II. Berre i den grad gullprodusenten sparar meirverdien eller forvandlar han i produksjonsmiddel i eigen avdeling (I), og altså utvidar sin eigen produksjons kan ikkje hans  $v+m$  gå inn i avdeling II. På den andre sida er det slik at så lenge gullprodusenten samlar opp pengar og dei til slutt fører til utvida reproduksjon, går den delen av meirverdien inn som tilskott til den variable kapitalen til gullprodusenten i avdeling II, som ikkje blir brukt som inntekt

(reveny) til kapitalisten der som han altså kjøper forbruksmiddel for. Her fordrar han ny skatteoppsamling eller gir nye middel til å kjøpe frå I utan å selje noko til denne avdelinga med ein gong.

Ein del av gullet, som visse produksjonsgreinar i avdeling II treng som råmateriale, kort sagt som erstatningselement for den konstante kapitalen sin, blir trekt frå dei pengane ( $v+m$ ) som stammar frå gullproduksjonen i avdeling I. Eit element til førebels – med framtidig utvida reproduksjon som mål – skatteoppsamling i omsetnad mellom avdeling I og II er: for avdeling I berre når ein del av meirverdien i avdeling I blir seld til avdeling II einsidig, utan motkjøp og her tener som tilskott til den variable kapitalen; for avdeling II, når det same er tilfelle på avdeling I si side med omsyn på tilskott av variabel kapital; dessutan når den delen av meirverdien som blir brukt som reveny, ikkje blir dekkja av den konstante kapitalen i avdeling II, altså at ein del av meirverdien i avdeling II blir kjøpt og dermed blir forvandla til pengar.

Viss den variable kapitalen pluss meirverdien delt på  $x$ , dvs. den delen av meirverdien som kapitalisten bruker til eige forbruk, er større enn den konstante kapitalen i avdeling II, då treng ikkje kapitalisten erstatte den konstante kapitalen som avdeling I har tatt frå meirverdien til kapitalisten i avdeling II.

Då kan vi spørje oss i kva grad kapitalistane i avdeling I, innan bytet seg imellom, kan samle opp skattar, når det er noko som berre kan skje ved at dei bytar meirverdien innan avdeling II seg imellom. Vi veit at direkte akkumulasjon innan avdeling II finn stad ved at ein del av meirverdien i avdelinga blir forvandla direkte i variabel kapital (nett som ein del av meirverdien i avdeling I blir forvandle i konstant kapital innan avdelinga). Så det som skjer i dei to avdelingane er det same. Nokre av føretaka er i det stadiet der dei samlar skatt og sel utan å kjøpe og nokre andre er i det stadiet der dei verkeleg utvidar reproduksjonen og kjøper utan å selje. Tilskottet av variabel pengekapital blir så lagt ut på tilskott av arbeidskraft; men desse kjøper forbruksmiddel frå dei som samlar skattar og har det tilskottet av forbruksmiddel som går inn i arbeidarane sitt forbruk. Hos dei sistnemnde går ikkje same mengd pengar som finst som skatt tilbake til utgangspunktet sitt, dei hopar seg opp.

Terje Valen, torsdag 5. oktober 2017.

<sup>i</sup> Kapitalen, 2. bind, 5. kapittel.

<sup>ii</sup> Kapitalen, 2. bind. 6. kapittel.